

## Norske ord!

Av Olav Aukrust

Norske ord!

De som enno løynleg gror  
over alle vidanvangar  
i mitt fedreland og fangar  
glans og kraft av sol og jord,  
blod i barm som bær i berg,  
eld or Norigs folkemerg;  
de tarv ingor natt meir fæle, –  
dykk me vil den høgste sæle –  
dykk skal *ånd* gje' munn og mæle!  
Meir og meir!  
Sjå det trengst at fleir' og fleir'  
no i både by og dalar  
ikkje lenger skriv og talar  
berre *um* og *for* det norske –  
nei, – men *av* og *på* det norske!  
Heitt oss djupt i bringa brenn  
uforløyste lengslur enn:  
visst hev Norig eld å nøre,  
strid å reise, sak å føre!  
Vere gull på tavl-bord,  
gjere jarteigns verk på jord, –  
lyse *enn* med glans av nord –  
norske ord!

Her etter *Dikt i samling* (1954).

---

### I dette nummeret:

Sverre Johnsen:	Sanningsdyljing i målvitskapen	s. 2
Klaus Johan Myrvoll:	Ordbøker og målnormer	s. 3
Rolf Theil:	Samisk målsoga	s. 4
Lars Bjarne Marøy:	Målreisingsviljen åt Halldor O. Opedal	s. 5
Anders Moe:	Denne boki byrjar ikkje godt	s. 7
Ronny Spaans:	Joost van der Vandel – kunstmålaren i poesien	s. 8
K. E. Steffens	I toppsjiktet som skapande og original tenkjar	s. 10
Lars Bjarne Marøy:	Ein nasjonal aristokrat	s. 11
Anders Moe:	Kvar var manuskonsulentent?	s. 13
Jon Bleie:	Korleis eg vart bokven	s. 14
Johannes Gjerdåker:	Båe sidor no (attdikting)	s. 15
Ole Jakob Totland:	Eit dikt frå ufredsåri	s. 16

---

## Sanningsdyljing i målvitskapen

Av Sverre Johnsen

I sidste utgåva av Språknytt (3-4/2002) skriv hann Helge Sandøy, høglerar i norderlendsk målvitskap på vitskaps-skulen i Bjørgvin, um korso talemålet hev brigdt seg hjå den sidste ættliden. Det er inkje å segja på det reint røynelege i utgreidingi hans, for det skal då litt til å gjeva range opplysingar um kvat folk segjer no til dags. Meir forvitnelegt er det å sjå på korso hann tyder ut desse brigdi. Flestalle dømi hann gjev, kann tydast ut med at dei er påverka frå bymålet, som i sin tur er påverka frå Oslo-målet, som meir og meir vert ei attgjeving av bokmålet. Eg skal gjeva nokre døme. Hann nemner til dømes at eit skil millom *de* og *dåkke* kverv burt for berre *dåkke*. Det kann henda at detta berre hev hendt etter eget påfynster, men når me veit at det same skilet hev kvorvet burt på Austlandet, til dømes dramnsmaal *di – dere* til berre *dere*, og at det er heilt likt skipnaden i bokmålet, so er det i minsto ein god gjetnad at det er bokmålsskipnaden som hev spreidt seg. Men det nemner hann Helge ikkje. Sameleides, når hann nemner at trondheimsmålet hev gjenget frå å lyda *alle marken*, *alle visan* til berre *markan/visan*, so er det berre eit prov på at «enkle grammatiske løysingar sigrar over dei meir innvikla». Detta er nokot som rid den norske målvitskapen som ei mara for tidi; alt er på veg mot det «enkle», og alt det tungvinne er dømt til å dauda. Men kvat som er «enkelt», og kvat som er for tungvint, det er mesta uråd å segja ålment. Då eg voks upp sagde me *en jente* og *gutter å jenter*. Det er klårt at det er ein lettare skipnad en det gamle *i jente* og *guttar å jenter*, men er det trongen etter det «enkle» som hev ført til det nye talemålet? Me skal ikkje sjå lenger en til bokmålet skal me finna den same skipnaden, *en jente*, *gutter* og *jenter*. Det er med andre ord berre ei etteraping av bokmålet. Sumstaden på Austlandet segjer dei *fater* og *huser* i mangtal til *eit fat* og *eit hus*. Og då skulde me tru at vegen låg open til at dei skulde byrja å segja *\*en fat* og *\*en hus*, men det hev ikkje hendt nokon staden. Grunnen er greid, for det heiter ikkje det i bokmål, må vita. Difor er det bokmålsskipnaden med *markene* og *visene* som hev spreidt seg til trondheimsmål. At det heiter *-an* og ikkje *-ene*, er greidt å tyda ut. For me lyt huga på at ein sams målskipnad ikkje treng å tyda at det læt likt. Når bokmål



Helge Sandøy

hev *guttene*, *markene* og *visene*, so vert trondheimsmål *gutan*, *marken* og *visan* til berre *-an*, so at me fær eit fullt samsvar (trondheimsmål *-an* = bokmål *-ene*). Dei som les detta no kjem vel til å segja at detta synest å vera sjølvst. Men hann Helge Sandøy nemner det ikkje. I heile stykkjet hans er ikkje ordet *bokmål* nemnt nokon stad! Og det vert mesta løjjelegt når hann segjer at «Interessant er det å sjå at i blandingsmålet som utviklar seg slike stader [= gamle stasjonsbyar og nye sentrum], dukkar same draga opp», som var alt saman ei stor gåta. Grunnen til at dei same dragi kjem upp, er rett og slett at alle hev same kjelda, bokmålet. Og når hann kjem til dei store bymåli vert det litt å stussa på. For dei måli au hev «teke opp nye drag», t.d. at dei segjer *hestene* for *hesta* i Oslo, og *klær* for *kler* i Bjørgvin. Grunnen er at «dei nye bymåla har måtta kompromisse ein del». Men kvar dei hev teket desse nye skapi, og hokken dei hev møtt på halvvegen (eller «kompromissa med» på sandøysk), nei det vert usagt. Kvifor? Kvifor segjer hann aldri at det kjem frå bokmålet?

I neste bolken gjev hann so svaret på kvifor slike brigde hender. Det er for di at samfundet hev gjenget frå å vera samna i «bydelar og enkeltbygder» til større «einingar». Serleg nemner hann at skulane vart «interkommunale» og «sentrale», nokot som «har vore ein katalysator for språkendingane». Detta kallar dei «regionalisering». Men tyder det ut dei dømi hann sjølv hev gjevet? Hokken er det Oslo-ungdomen hev møtt på skulen som gjorde at dei gjekk frå å segja *hesta* til å segja *hestene*? I heile Oslo og i bygdene nord og aust segjer dei *hesta*, og i vest og sud-aust segjer dei *hestane/hestene*. Ikkje hev dei gjenget på same skule

hokke det er, so kvar elles en frå bokmålet skal detta skapet koma? Og trondheimsmål *markan*? Når dei sagde *marken* fyrr, og alle bygdene ikring skil millom *markene* og *visone* på same visi som i Trondheim, kvifor skulde dei so brigda på det? Og når det gamle i bygdi mi og i alle bygdene ved oss var *hestene*, kvifor skulde me unge byrja å segja *hestene* då? Det er for di at møte bygdemillom ikkje er det som er drivkrafti attum målbrigdi, men bymåli. Og bymåli, ja dei legg seg etter det rådande skriftmålet, bokmålet. Og for di det tek tid å ganga frå bokmålet gjennom bymålet til bygdemålet, so vert det ikkje samsvar millom desse måli. Når folkemålet i bygdi mi er å segja *påsan*, so kjem det av at det var det vanlege folkemålet i Oslo for nokre år sidan. No byrjar dei unge å segja *posen*, radt for di det er det som hev voret folkemålet i Oslo dei sidste åri. Eg hev aldri høyrnt nokon unge folk i Oslo segja *påsan*, men heime er det vanlegt enno. Og når både formene vik frå det gamle *påsan*, so segjer det seg sjølv at dei nye kjem frå Oslo.

So kann hann spurja seg kvifor hann Helge Sandøy ikkje nemner nokot av detta som eg tykkjer ligg framme i dagen. Når hann er høglerar i norderlendsk målvitskap, so skulde det vera utenkjelegt at hann rett og slett ikkje hev skyna det. Det må helder vera at hann ser det, men hann vil av einkvan grunnen ikkje at det kjem ut. Kvifor ikkje? Kann henda er det målsyni hans som gjev svaret. Hann Helge skriv ein slags samnorsk-nynorsk, full av «folkelege former», dei kallar. Og mange av desse formene er dei som radt spreider seg yver landet og skuver ut dei gamle formene som landsmålet er tufta på. Og jamvel um det er klårt for dei fleste at storluten av desse «folkelege formene» kjem frå bokmålet og bokmålpåverka bymål, so fær hann aldri ein samnorsk-nynorskar til å ganga ved det. For ligg grunnlaget i det dei skriv i bokmål, då fell heile grunnlaget deira til å skriva nynorsk burt. Og difor kann hann ikkje segja i ei utgreiding um slike former at dei kjem frå bokmålet. Men her ligg det ein stor fære. Det er einn ting å hava ei målsyn, men når ei vitskapleg utgreiding vert sterkt lita av det på den måten at røynelege sanningar ikkje kann koma fram for di dei gjeng imot den målsideologien hann hev, då er me sanneleg i store vanskar.

## Ordbøker og målnormer

Av Klaus Johan Myrvoll

I Aftenposten 21.2. hadde Ruth Vatvedt Fjeld, som er professor i norderlendsk målvitenskap på Universitetet i Oslo, eit innlegg um vedtaket åt Kyrkje- og kulturdepartementet um å løyva pengar til framhaldet av *Norsk riksmålsordbok* (NRO). Ho tykkjer at vedtaket er «sterkt beklagelig» av di Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur, som gjev ut NRO, er «en liten språkpolitisk gruppering», som etter det Fjeld segjer, «har som mål å fastsette en standard for skriftspråket ut fra hva de selv mener er godt eller dårlig».

Fjeld legg fram det som kann kallast ei demokratisk syn på målnormering: ordbokskrivarane skal fylgja med på vali som dei einskilde målbrukarane gjer, «og ut fra det finne en felles norm». Det kann vera eit utgangsstøde, men ein lyt hugsa på at folk sjeldan samstavast heilt når det gjeld målbruk, og ein ordbokskrivar lyt stødt gjera eigne val. Desse vali, som syner att i oppføringane i ordboki, kann so verka inn på målbruken att, og ordboki vert *normativ*.

Kor som er vert det rangt når Fjeld gjev inntrykk av at denne «ideelle» framgangsmåten hev vorte fylgd i offisiell målnormering i Noreg. Ho kjem inn på det sere ved nyare norsk målsoga at staten i so stor mun hev freista å styra «utviklingi» i éi serskild leid, og synest å sjå dette som det var den reinaste idyll. Ein skal ha nått fram til eit eige norsk skriftmål som ligg nære upp til talemålet gjennom «en fleksibel norm som kunne endres i takt med språkets utvikling».

Sanningi er at dei statlege normeringsnemndene i sers mange tilfelle hev *brote* med tilvant målbruk i den mislukka freistnaden på å skapa eitt sams skriftmål på grunnlag av norsken og norsk-dansken. Eitt

døme: I 1959 vart det vedteke å sløyfa *h*-en i bokmål *hverken*, soleis at ordet kunde først inn i nynorsken og verta ein lut av den komande «framtid-norsken». Med eitt var det påbode å skriva *verken*, ein skrivemåte som ikkje hadde nokon studnad i målbruken i samtdi. På årsmøtet i Norsk språkråd no i februar vedtok dei å sleppa til att skrivemåten *hverken* med di han er vanleg i bruk enno, t.d. i Aftenposten. Kva hev desse vedtaka med «en fleksibel norm som [kan] endres i takt med språkets utvikling» å gjera? Fjeld nemner ikkje den statlege samnorskpolitikken, som greip sterkt inn i skrivevanane åt folk, med eitt einaste ord. Rett nog nemner ho noko um «et sterkt offentlig engasjement», men det vert framsett som det var ein vilkørslaus gode.

NRO byggjer på den norsk-danske skriftradisjonen, og er på den måten deskriptiv. Ordboki fangar upp i seg ord, skrivemåtar, tydingar og ordlag som hev vorte nytta i det skriftmålet i Noreg som hev upphavet sitt i Danmark. I motsetnad til *Bokmålsordboka* (BO), den største ordboki som finst for offisiell norsk-dansk, legg ikkje NRO seg etter dei skrivemåtane som Norsk språkråd til kvar tid vedtek. Like vel er bae ordbøkene normative kvar på sin måte, og skilnaden gjeng mest på *kvar* ein hentar normene sine frå. BO fylgjer slavisk vedtaka i Norsk språkråd, men NRO held seg til tradisjonen og det som er vanlegt målbruk hjå mange. Mange vil truleg meina at den siste framgangsmåten er vitugast, ikkje minst med tanke på dei røynsloane ein hev gjort seg med statleg målstyring i Noreg.

### Gåvelista

Robert K. Anderson, Hovin, 100  
Knut O. Dale, Odda, 150  
Per Skjæveland, Stord, 100  
Karsten Alnæs, Oslo, 100  
Jon Buset, Volda, 100  
Jostein Krokvik, Fiskåbygd, 100  
Kjell Henry Knivsfå, Bergen, 100  
Gudmund Harildstad, Oslo, 300  
Magne Myhren, Oslo, 50  
Gunnar Ottne, Spikkestad, 100  
Arnold Lund, Sandnes, 150  
Herman Raner, Trondheim, 150  
Trygve Skomedal, Oslo, 100

Botolv Helleland, Oslo, 50  
Sjur Tarjei Fykse, Voss, 150  
Johannes Volle, Volda, 50  
Torgils Vågslid, Eidsvoll, 50  
T. H. Langsholt, Oslo, 150  
Jon Askeland, Bergen, 150  
Anna Sunniva Bjordal, Melhus, 150  
Edvard Myrvoll, Smøla, 150  
Magne Myhra, Voss, 50  
Jostein Stokkeland, Krokkeiva, 50  
Trond Dagsson Urestad, Oslo, 50  
A. Løvestad, Stora Sundby, Sverige, 100

**I alt 2750 kroner.  
Hjartans takk for gåvone!**

## Målmannen

### Utgjevar:

Samorganet Målmannen

### Tilskrift:

Målmannen  
Postboks 49 Blindern  
0313 Oslo

### Bladstyrar:

Klaus Johan Myrvoll  
Nedre Ullevål 9 – 322  
0850 Oslo  
klausjon@online.no

### Tingar- og lysingsandsvarleg:

Olav Torheim  
olafr@online.no

### Grafisk utforming:

Olav Torheim  
Lars-Toralf Storstrand  
(rabbixl@frisurf.no)

### Netstad:

maalmannen.sambandet.no

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291.14.45666

*Målmannen fylgjer redaktørplakaten.*

### Ivar Aasen-sambandet

Ivar Aasen-sambandet er landssamskipnaden åt høgnorskrørsla. Sambandet arbeider for målupplýsning, måldyrking og målreising. Sambandet krev fulle rettar for nynorsk i Noreg, og krev i nynorsk full jamstelling for i-målet som Ivar Aasen valde. Sambandet hev ei sergjerjing i norsk målrørsla; både lag og einskilde kann vera med. Skriv deg inn!

### Innmelding til formannen:

Klaus Johan Myrvoll  
Nedre Ullevål 9 – 322  
0850 Oslo  
Tlf. 900 26 380  
Epost: klausjon@online.no  
http://www.sambandet.no  
Giro 0814 20 27 209

## Samisk målsoga

Av Rolf Theil

Fruksamisk, målet som all samisk stammar frå, er ikkje kjent frå skriftlege kjelder. Dei eldste samiske tekstene skriv seg frå 1500-talet, men frusamisk vart truleg tala for nærmare to tusund år sidan.

Samisk høyrer til den finsk-ugriske greini av den uralske målætti, og kann delast i ti *hovudgreiner*: sudsamisk, ume-samisk, pitesamisk, lulesamisk, nord-samisk, enaresamisk, skoltesamisk, akkalasamisk, kildinsamisk og tersamisk. Greinene kann like gjerne kallast *mål* som *målføre*, og alle er i nokon mun skriftmål. Målslege skilnader innanfor samisk er jamstore med dei me finn innanfor germansk, romansk eller slavisk, og nett som hjå desse tri er det mange stader ikkje so skarpe målgrensor. Oftaste talar grannar lett med einannan, men di større fråstandet er, di vandare vert det. Samen frå Trøndelag skynar ikkje samem frå Finnmark.

### Fruksamisk 'fisk'

'Fisk' heitte *\*kuolee* på frusamisk; *uo* er ein tviljod og *ee* er ein lang *e*. Ordet er rekonstruera på grunnlag av samiskt talemål og skriftlege kjelder gjennom fem hundradår. I dag hev sudsamisk *küelie*, umesamisk *küellie*, lulesamisk *kuollie*, nordsamisk *kuollii*, skoltesamisk *kue'll*, kildinsamisk *kuull'* og tersamisk *kille*.

Merk at eg ikkje gjev att dei samiske ordi i vanleg rettskriving, men i ei ljodskrift der uttaleskilnader og -liksskapar gjeng klårare fram. Eg nyttar *ü* for den norske u-ljoden, medan *u* og *o* stend for norsk o-ljod og å-ljod. Anna kjem eg inn på etter kvart. På dei tri samiske skriftmåli i Noreg, sudsamisk, lulesamisk og nordsamisk, er offisiell skrivemåte høvesvis *guelie*, *guolle* og *guolli*.

*\*Uo* og *\*ee* hev utvikla seg noko ulikt i ulike mål, og same skilnadene finst i andre ord med *\*uo* og *\*ee*. *L*-en, som er vorten til *ll* i dei fleste måli, kjem eg attende til.

### Høveformer

Fruksamisk *\*kuolee* er nemneform (nominativ) eintal, og frusamiske namnord vart bøygd i ti høveformer (kasus) og tvo tal. Ikkje alle måli hev like mange høveformer i dag, men i hovudsak stend det meste ved lag allstad. Her vil eg berre nemna tvo andre eintalsformer, eigeformi (genitiven) *\*kuoleen* og motfallsformi (akkusativen) *\*kuoleem*.

På sudsamisk ser desse tri eintalsformene soleis ut i dag: nemneform *küelie*, eigeform *küelien*, motfallsform *küeliem*. Her hev tvo ting hendt: *\*ee* hev vorte til tviljoden *ie*, og so hev *\*uo* vorte til *\*üe* ved i-ljodbrigde. I nordleg sudsamisk er motfallsform *küeliep* – *\*m* hev vorte *p* i utljod.

### Lulesamisk og nordsamisk

Lat oss fara nordetter til lulesamisk, som hev nemneform *kuollie*, eigeformi *kuolie* og motfallsformi *kuoliev*. Her au hev *\*ee* vorte til *ie* (sume målføre hev framleis *ee*), men *\*uo* stend ubrigd. Men medljodane hev vorte brigde på mange vis: *\*n* i utljod hev kvorve, og *\*ñ* i utljod hev vorte til *v*.

Og ikkje nog med det, for *\*l* i nemneformi hev vorte lengd til *ll*, men eigeformi og motfallsformi hev *l* enno. I alle samiske mål, undanteke sudsamisk, hev medljodar millom fyrste og andre stavingi vorte lengde når andre stavingi var opi i frusamisk, til dømes *\*kuolee* > *\*kuollee*. Ei opi staving er ei staving som endar på ein sjølvljod, som andre stavingi i *\*kuo.lee*, men ei staving som endar på ein eller fleire medljodar er loka, som andre stavingi i *\*kuo.leen*; punktumet syner skilet millom stavingane i dei tvo ordi.

Lulesamisk eigeform eintal hev då vakse soleis frå frusamisk: *\*kuoleen* > *kuolee* > *kuolie*. Eigeformsendingi *\*n* kvarv burt etter at medljodane var lengde fyre opi staving. Lulesamisk motfallsform eintal lyt hava vakse soleis frå frusamisk: *\*kuoleem* > *\*kuoleep* > *kuoleev* > *kuoliev*. Medljods-lengjing fyre opi andrestaving og so burtfall av fleire medljodar i utljod hev gjort at det einaste som skil nemneformi frå eigeformi i eintal er lengdi på medljoden millom fyrste og andre stavingi: *kuollie* mot *kuolie*. Denne lengdevekslingi kallar me stadieveksling.

Nordsamisk hev nemneformi *kuollii*, eigeformi *kuolii* og motfallsformi *kuolii*. *\*Ee* i andre stavingi hev vorte til *ii*. Nordsamisk hev mist både *\*n* og *\*m* i utljod, so eige- og motfallsformi hev vorte like. Nordsamisk hev au stadieveksling.

### Fruksamisk 'hundrad'

'Hundrad' heitte i nemneform eintal *\*čuootee* på frusamisk, men eigeform og motfallsform heitte *\*čuooteen* og *\*čuo-*

*teem* (č er ein affrikat, som engelsk *ch*). På sudsamisk hev desse ordi vorte til *čüetie*, *čüetien* og *čüetiem*. Lulesamisk er au meir eller minder som me ventar: *čuohctie*, *čuotie* og *čuotiev*. Det einaste me treng å leggja merke til er *ht* i nemneformi. Fruksamisk *\*t* hev vorte lengd til *\*tt* og so preaspirera til *ht*, som i mesta all samisk. Dei nordsamiske formene kann me skriva som *čuohctii*, *čuodii* og *čuodii*, for dei fleste stader, millom anna i Kautokeino, Karasjok og Tana, hev den ikkje-lengde *\*t*-en i genitiv og akkusativ vorte til *đ*; rettskrivingsformene er *čuohcti* (nemneform) og *čuodđi* (eigeform, motfallsform).

### 'Vidd'

Det frusamiske ordet for 'fjellvidd, høgfjell' var *\*tuontër*, der *\*ë* var ein schwa (attyverdregen e-ljod). På sudsamisk hev dette ordet vorte til *tuettërë* (rettskriving: *doedtere*) der me millom anna ser yvergangen frå *\*nt* til *tt*, ei utjamning me finn i alle samiske mål undanteke dei tri på Kolahalvøyi: akkala-, kildin- og tersamisk – jamfør nordsamisk *tuottar* og kildinsamisk *tuuntër*. Denne tviljoden *tt* av frusamisk *\*nt* vert ikkje preaspirera, i motsetnad til eldre *\*tt*, som med dryfte i fyre bolken. Yvergangen *\*nt* > *tt* er ikkje eldre enn at ikkje-assimilera former er lånte inn i granne-måli. *Dunderlandsdalen* i Nordland hev det samiske ordet som fyrstelekk, og dei som hev vore i Gällivare i Nord-Sverige veit kann henda at fjellet *Dunderet* ligg rett ved tettstaden. Finsk hev lånt *tunturi* 'høgfjell' frå samisk.

Det kildisamiske *tuuntër* er eitt av dei få samiske ordi som hev spreidd seg yver heile verdi. Det er lånt inn i russisk som *tundra*, og derifrå hev det kome inn i mange mål.

### Samisk og austersjøfinsk

Samisk er nærmast skyldt dei austersjøfinske måli – finsk, estisk, karelsk, ingrisk, vepsisk, votisk og livisk. Desse måli likjest kvarandre meir enn dei samiske. Estisk skil seg knapt meir frå finsk enn trøndsk frå sunnmørsk. Det finske skriftmålet er so gamalvorde at det ikkje skil seg sers mykje frå frumaustersjøfinsk. Det meste som skil estisk frå finsk er estiske nyvokstrar.

På finsk heiter 'fisk' *kala* i nemneform eintal, men eigeform og motfalls-

form heiter *kalan*. På estisk heiter både nemneform, eigeform og motfallsform *kala*, av di *n* hev falle burt i utljod. Dei frumaustersjøfinske eintalsformene var nemneform *\*kala* og eigeform/motfallsform *\*kalan*, nett som i finsk i dag.

### Finsk og estisk 'hundrad'

På finsk heiter 'hundrad' *sata* i nemneform eintal. Eldste eigeformi/motfallsformi er *sađan* (skriftform: *sadan*), men *đ* yverliver ikkje i alle finske målføre – me finn au *saran*, *salan*, *sajan*, *sa'an* og anna – og tidt fell *n*-en burt i utljod.

Austersjøfinsk hev stadieveksling, men av eit anna slag enn samisk, for ho hev kome til ved at plosivar er veikte millom fyrste og andre stavingi når andre stavingi var loka i frumaustersjøfinsk. Difor er det stadieveksling i *sata*, men ikkje i *kala*.

Den estiske nemneformi er *sata* (rettskriving: *sada*) og eigeformi/motfallsformi er *saja*. *Sata* er lik den finske nemneformi, og *saja* finst i finske målføre. Dei frumaustersjøfinske formene var nemneform *\*sata* og eigeform/motfallsform *\*sađan*.

### Frum-samisk-austersjøfinsk

Frum-samisk og frumaustersjøfinsk er dottermåli åt eit endå eldre frum-samisk-austersjøfinsk, og på dette målet kann me rekna med at 'fisk' hadde desse eintalsformene: nemneform *\*kala*, eigeform *\*kalan* og motfallsform *\*kalam*.

Frumaustersjøfinsk skil seg frå frum-samisk-austersjøfinsk i desse ordi berre

ved at frum-samisk-austersjøfinsk *\*m* hev vorte til *\*n* i utljod, so eigeformi og motfallsformi hev falle saman.

Frum-samisk hev gjenge i ei heilt onnor leid, for det er berre sjølvljodane som hev brigdt seg i desse tri bøygningsformene av ordet for 'fisk'. Frum-samisk-austersjøfinsk *\*a* hev vorte til frumsamisk *\*uo* i fyrstestavingi og til *\*ee* i andrestavingi: *\*kuolee*, *\*kuoleen*, *\*kuoleem*.

Same ljodbrigdi hev me havt i ordet for 'hundrad', som på frum-samisk-austersjøfinsk heitte *\*śata*, *\*śata* og *\*śatam* (ś er ein i-fengen s-ljod). I frum-austersjøfinsk hev frum-samisk-austersjøfinsk *\*ś* vorte til *\*s*, men i frumsamisk hev *\*ś* vorte til *\*č*.

### Finsk tanner

Det finske ordet *tanner* tyder 'fält, mark', fortel ei av dei finsk-svenske ordbøkene mine. Ordet kjem av frum-samisk-austersjøfinsk *\*tantir*. Medljodane *\*nt* hev vorte til *nn* på finsk gjennom medljodsveikjing fyre loka staving: *\*tanter* > *\*tander*, fylgd av utjamningi *\*nd* > *nn*: *\*tander* > *tanner*.

Her kjenner me au att det frumsamiske *\*tuontër* 'fjellvidd, høgfjell', må vita, med det kjende ljodbrigdet *\*a* > *\*uo* i fyrste stavingi.

### Frum-finsk-permisk

Ordet for 'hundrad' byrja med *\*ś* i frum-samisk-austersjøfinsk. Dette påstandet byggjer på ljodtilhøve i systemmåli. Frum-samisk-austersjøfinsk, frum-permisk og

frum-volgafinsk er dei tri dottermåli åt frum-finsk-permisk.

Det finst tvo volgafinske mål: mordvinsk og mari (ogso kalla tsjeremissisk). Me reknar med at mordvinsk hev eit konservativt frikativsystem, og på dette målet heiter 'hundrad' *śado*. Den frum-finsk-permiske formi var *\*śata*, og på mordvinsk hev *\*a* i andre stavingi vorte til *o*, medan plosivar hev vorte klangføre millom sjølvljodar.

Når me reknar med at sjølvljodane i ordi for 'fisk' og 'hundrad' i frum-samisk-austersjøfinsk var som i frum-austersjøfinsk (med *a* i båe stavingane) og ikkje som i frumsamisk (med *uo* i fyrste og *ee* i andre stavingi), byggjer me au på tilhøvi i systemmåli åt frum-samisk-austersjøfinsk. Legg millom anna merkje til *a*-en i fyrste stavingi i dei mordvinske ordi *kal* 'fisk' og *śado* 'hundrad'. Me kunde jamvel ganga vidare til den ugriske greini av finsk-ugrisk, for ungarsk hev *hal* 'fisk' og *saaz* (skriftform: *száz*) 'hundrad'.

Dei frumsamiske høveformsendingane *\*n* (eigeform) og *\*m* (motfallsform) finn me att i mari, som i nemneform, eigeform og motfallsform eintal av ordi for 'fisk' og 'hundrad' hev *kol*, *kolen*, *kolem* og *śyde*, *śyden*, *śydem*.

Lånord fortel au um eldre målstodor. Faktisk er ordet for 'hundrad' eit gamalt iransk lånord som finst i alle greiner av finsk-ugrisk. Den gamaliranske formi var nett *śata*, so her fær me stadfest fleire sidor ved rekonstruksjonane.

## Målreisingsviljen åt Halldor O. Opedal

Av Lars Bjarne Marøy

Halldor O. Opedals fond for målreising og måldyrking byggjer på gåvebrev frå Halldor O. Opedal (1895–1986). Gåvebrevet er dagsett Lofthus 23. desember 1971 og slær fast fyresegnene for fondet i seks paragrafar. Desse fyresegnene er prenta i *Vestmannalaget i 110 år*, s. 390–391. Saman med gåvebrevet fylgde det ein kapital på 600 000 kronor. Seinare hev fondet auka sterkt på seg. I dag er grunnstolen på um lag 2 200 000 kronor.

Korleis skal ein tolka fyresegnene til Halldor O. Opedals fond, og kva vilde Opedal med fondet? Desse spursmåli hev vore umdryfte i det seinste. Kva kann me vita um viljen åt Opedal? Opedal sette upp fyresegnene for Opedalsfondet. Desse fyresegnene var og er det formelle og juridiske grunnlaget for å tolka korleis

fondet skal fara åt i ulike saker. Men Opedal skreiv òg nokre brev der han kommenterte tilhøve som gjeld fondet og fondsstyret. Desse brevi er ikkje like kjende for alle, og det er grunn til å sjå nærare på dei. Dei brevi me kjenner til er:

1 Brev frå Opedal i samband med upptaket til fondet i 1971, prenta i Vestmannen nr. 4/1995.

2 Brev til fondsformann Ludvig Jerdal av 20.10.1975.

3 Brev til fondsformann Ludvig Jerdal av 26.12.1979.

4 Brev til styret i fondet av 1.11.1984 Av desse brevi er det serleg dei tvo fyrste som er interessante. Det fyrste av di det legg fram kva for ei rolla Opedal tiltenkte Halldor O. Opedals fond. Opedal viser til dette brevet i fyresegnene og skriv:

«Skulle det verta tvilsmål um tolking av dette, syner eg til mitt brev: 'Mitt syn på norsk målreising – nokre tankar'.» Det andre brevet er interessant av di det segjer noko um kva Opedal lagde vekt på i høve til lagi og den fyrste fondsformannen då fondet skulde skipast formelt i 1975.

### 1 Opedal og målrokt, grunnlaget for å arbeida for målet

Det er heilt visst at Opedal ynskte å segja frå um korleis fyremålet for fondet skulde tydst ut i praktisk arbeid med å reisa og dyrka det norske målet. Opedal meinte at fridomen knytt til utformingi av målet etter Ivar Aasen var til gagn for målreisingi. Men då det norske målet vart ein mottevlar til dansken, byrja mot-

mennene av målreisingi å gjera framstøytar for å få brigda det i dansk leid. Det kløyvde målfolket, og førde med seg atterstig på mange umkverve. Opedal ynskte å råda bot på denne kløyvingi.

Opedal ynskte at det skulde vera tevling um å nytta godt mål. Han skriv um at dei gjeng fyre som hev gjort største innkastet for norsk målarbeid. Han vilde soleis få folk som nytta nynorsk til å leggja æra si i å nytta so godt mål som råd.

Og det var ingen tvil um kven Opedal vilde gjeva fyrerang. Det var dei som nytta Aasen-mål. Aasen-folk skulde hava fyrerang i den mun dei fanst innanfyre ymse samfundsumkverve. Um ikkje opna Opedal for at andre som hadde synt «evne og vilje til å bruka nynorsk mål i si beste form» kunde premierast. Det var med andre ord langt frå kven som helst som kunde rekna med å få tilskot frå fondet. Med å setja målkrav vilde Opedal, som han skriv i brev til Ludvig Jerdal 26.12.1979, «dra målfolk med eit anna syn over mot oss.» Med «oss» meiner han dei fire Aasen-lagi som fekk styresmenner i fondet.

Opedal var fast yvertydd um at nynorsken hadde stade sterkare um målfolket hadde halde fast ved 1917-rettskrivingi til norm for seg. Opedal meinte endeframt at ein laut gjera ei umbot på nynorskrettskrivingi av 1938 og 1959 med det fyremålet å retta på dei største veilone. Opedal ottast for utglidingar i målføri, det ein i dag gjerne kallar «bokmålisering». Han meinte at den tryggaste måten å fyrebyggja dette på, var å hava eit sterkt norskt skriftmål til mynster og ankerfeste.

## 2 Opedal og målreising, arbeid for å reisa det norske målet

Opedal heldt fram at nynorsken må leva. «Han treng ljøs og luft og sol – kjærleg dyrking. Eit mål likar seg når det vert brukt. Målfolki må ikkje stengja seg av med målet sitt. Ungdomen lyt vera med, både i bygd og by. Ein bør gjera målet til ei livsovring på alle samfundsumkverve.» Dette er avslutningsordi i brevet frå 1971. Det er soleis grunn til å tru at han legg serleg vekt på desse tankane.

Det er ingen tvil um at Opedal ynskte at alle grupper i samfundet skulde vera med i målreisingsarbeidet. Opedal ynskte ikkje at einskilde grupper av målfolket skulde verta sitjande som dei einaste som skulde oppmodast til og engasjerast til å dyrka målet på grunnlag av 1917-rettskrivingi eller so nære upp til den

rettskrivingi som råd.

## 3 Brevet av 20.10.1975

I brevet frå 1975 kommenterar Halldor O. Opedal eit framlegg frå formannen i fondsstyret, Ludvig Jerdal, som skal ha kome med innspel til fyresegnene. Jerdal hev tydeleg ikkje synt sans for fyresegnene slik Opedal ynskte. Opedal strikar under for Jerdal at Opedalsfondet skal femna um eit allsidugt og stort umkverve. Opedal viser til § 5 der han hev lagt fram ynskjemål um kven som skal få tilskot innanfyre ein syklus på fire år.

Framlegget frå Jerdal vert umtala som «einsidugt» og «trongt». Det ser ut til at Jerdal kann ha vore inne på bokutgjeving i framlegget sitt. Kva meinte Opedal um løyvingar til bøker? Bøker er nemnde i § 5, men det er ikkje lagt serleg vekt på det. Difor er det grunn til å merkja seg kva Opedal segjer um bokutgjeving i brevet:

«Tilskot til bokutgjeving stend ikkje sentralt i dette fondet. Staten kjem her inn med sine eigne stønadsordningar, som Norsk kulturråd og Noregs ålmenntvitenskaplege forskingsråd o.a., og mitt fond bør berre i serhøve gje ytingar til bokutgjeving.»

Opedal var skeptisk til avgrensingar i fondsfyremålet og til å skjera inn nedslagsfeltet åt fondet. Fondet skulde femna um alle samfundsumkverve. Opedal skriv at det er «grunntanken i fondet at det skal gje kveik til all god målbruk, munnleg og skriftleg.» Han nemner yrkjesgrupper og tiltak som kann gjevast tilskot i fyresegnene og tek upp att kva for nokre yrkjesgrupper det kann vera tala um i brevet.

Opedal avviste isoleringstankane frå fondsstyret. Slike tolkingar fanst det ikkje grunnlag for korkje i fyresegnene eller i tankane åt Opedal.

## 4 Brevet av 26.12.1979

I brevet til Ludvig Jerdal frå 1979 skriv Opedal m.a.:

«Det er rett som du skriv at målsynet åt Noregs Mållag og det målsynet som fondet stend for, hev ikkje falle heilt i hop. Dette visste eg vel då eg laga fyresegnene for Fondet, og like vel fastsette eg at Noregs Mållag skulle ha ein mann i styret til liks med dei andre mållagi. Dette gjorde eg ut ifrå den syn at Fondet var stort, at det ikkje skulle vera eit fond for ei sekt, men for heile landet, at det skulle samla, byggja bru mellom usamde, freista ved samarbeid å dra målfolk med eit anna syn over mot oss.

Dette som eg her hev nemnt, skal vera eit prinsipp som styret for Fondet skal retta seg etter, og det bør takast med i fyresegnene som eit tillegg.»

Etter det eg kjenner til hev det aldri vore gjort noko for å brigda fyresegnene og leggja til dette tillegget, heller ikkje då det vart gjort brigde i fyresegnene tidleg på 1990-talet.

Kløyving millom målfolket reknar Opedal for ei ulukka for målreisingi. Det hev vore hevda at brevet frå 1979 var ei maning til å ikkje skapa strid millom målfolk. Det det gjeld er derimot at fondet ikkje skal isolera seg frå resten av målrørsla. Det er klårt at eit fyremål um å reisa nynorsken kann vekkja strid, slik som alle ideelle fyremål kann gjera.

## 5 Slutning um viljen åt Opedal

For Opedal var tvo umsyrer viktuge:

1 at målreisingi skulde drivast på alle samfundsumkverve og ikkje på eit snevert grunnlag for nokre fåe interesserte målfolk, og

2 at fondet hans skulde skapa skynsemd for og kveik til å bruka eit mål som heldt uppe arven frå Ivar Aasen og målsyni hans, utan at forsvararane for Aasen-målet med det isolerte seg frå resten av målrørsla.

Opedal strika under dette i dei tvo brevi han sende til fondsformann Ludvig Jerdal i 1975 og i 1979. Dette var truleg meint som uttydingar av fyresegnene og tankane attum fondet, og fungerte og må tolkast soleis i ettertid.

Det er kjent at Opedal var ein aktiv målmann i ymse målsamskipnader i mange år. Opedal var millom anna ein av dei som arbeidde for høgnorsken innanfyre Noregs Mållag. Han var aktiv organisasjonsmann og fylgde med i rettskrivingsstriden. Nett det året då han gjorde upptak til fondet hadde det vorte brot millom Vestlandske Mållag og Noregs Mållag. Denne kløyvingi var Opedal kjend med, og han konstaterte korleis stoda var. Det fanst ei høgnorskrørsla, som var liti og vilde byggja på rettskrivingi frå 1917, men hovudluten av målfolket braut med denne tanken og var organisert i Noregs Mållag. Opedal ynskte at Aasen-målet skulde fremjast gjennom dei fire samskipnadene Vestmannalaget, Vestlandske Mållag, Ivar Aasen-sambandet og Norsk Måldyrkingslag. Men han ottast for at dei som styrde med desse lagi skulde avsondra seg frå resten av målrørsla og gjera fondet til eit fond berre for desse lagi og ikkje for målreisingi ålment.

## Denne boki byrjar ikkje godt

Av Anders Moe

Jon Peder Vestad og Bjarthe Alme:  
*Mediespråk. Form og formidling i  
journalistikk*

Det Norske Samlaget 2002. 208 sidor

Denne boki byrjar ikkje godt: «Det språket som blir brukt i media, er det som har størst utbreiing i samfunnet.» Kva ligg i ordet «media» her? Påstandet er mest ein rein tautologi, men samstundes: Kva tyder det å vera det målet «som har størst utbreiing»? Daglegtalet hev då vel mykje større «utbreiing»? – Og «i samfunnet»? Kvar elles? Kva freistar forfattarane å få fram med desse ordi? Dette var fyrste setningi i baksideteksti, og soleis held det fram: «Språkleg sett er det eit vilkårleg forhold mellom uttrykk og innhald i språket.» (s. 25) Eller kva med «skriftlege tekstør» og «skrivne tekster» (båe s. 119, mine utmerkjingar)? Det er ei rein liding å lesa ei heil bok med slike påstand og slikt mål.

Boki «gir ei brei innføring i form og formidling i journalistikk», segjer baksideteksti; ho inneheld soleis kapittel um ymse ting kring journalistikk elder nyhende, anten det er i avis, på radio elder på netet. Det meste av dette hev helder lite med røyndomen for bladfykar å gjera. Korleis vert avisartiklar og radio-innslag til? Jau: «Når journalisten har funne stoff, og valt sjanger og utforming, står det att å tilpasse form og omfang til eit samla medieprodukt.» (s. 119). Trur de ikkje desken vil hava litt av kvart å segja til den bladfyken som arbeider so sjølvstendig?

Forfattarane tek mål av seg å gjeva råd um godt målbruk: «Journalisten har ansvaret for sin eigen språkbruk, også for å leite etter ord og uttrykksmåter som tilfører teksten liv og driv. Det første mange tenkjer på da, er å sørgje for å bruke verb heller enn substantiv. Og vi kan også leggje oss i selen for å finne verb som karakteriserer handlinga best mogleg. *Kongens ankomst i lokalet ble ledsaget av applaus.* > *Da kongen skred inn i lokalet, ble han møtt av hender som klappet dannet.*» (s. 85) *Hender*, du? Vart kongen møtt berre av hender? «Høflig applaus» er meir pre-sist enn «hender som klapper dannet», og det siste uttrykket er dubbelt so langt.

Dette er ikkje det einaste dømet på at forfattarane råder journaliststudentane til å skriva dåleg: «La det vere berre eitt poeng i kvar setning. Lange setningar

skapar lett forvirring.» (s. 55). Slik denne boki er skrivi, vert det mykje forvirring; desse tvo setningane heng logisk saman, og det hadde vore lettare for lesaren å sjå samanhangen um dei var sett i hop med «av di» (eller «fordi», som forfattarane insisterar på å skriva). Når setningane vert for stutte, vert leserytmen hakkut og tankestraumen broten, til dømes her: «Ein mellomittel bør ha eitt til tre ord og ikkje gå over ei spaltelinje. Det må alltid vere eit sjølvstendig ord eller ordgruppe.» (s. 128) Kva refererer «det» til her? *Mellomittel* er eit hankynsord, so korleis heng dette ihop? Boki vert tunglesi når lesaren må gissa samanhangen millom so mange stutte setningar.

Målbruket? Noko nynorsk, noko knot som «moglegheit», «verkelegheit», «forståing» og «nyheit», noko bokmål som «skole», «hjerne», «forskjell», «derfor», «bestemt»; ingen indre samanheng i målet: dette er sidemålsstilmalet. «Uttrykket 'ta det som ei kvinne' kan brukast, men er sjeldan.» (s. 25). *Sjeldsynt* er alt for nynorsk for dette målet, men kvifor ikkje skriva «sjeldant» då, so i minst tydingi kjem klårt fram?

Ikkje rart at dei som trur på dette målet ottast for den valfrie sidemålsstilen; ytst få skriv slikt eit knot med godo. Med slike språklege ideal er det lett å gissa kvar forfattarane stend i målpolitikken, jamvel um både høgnoresken og riksmålet er nemnde i bolken um språknormer (s. 40). Dei er «privat normert», heiter det, og *nu* og *etter* vert tekne fram som døme på riksmålsord. Kann henda like godt at me ikkje fær noko døme på høgnoresk då, for riksmålet i dag godtek *nå* og *etter* – 1981-vedtaket var eit resultat av ein bytehandel millom riksmålsflokken og Språkrådet. Det lærde, rare knotet som offisielt heiter «radikalt bokmål» vert kalla «folkeleg» (s. 40 og s. 41), noko som er rein ynskjetenkjing.

Når ein ikkje ein gong kann átvara journalistane mot dei sere ordformene som no like vel skal takast ut or dei statlege ordlistone, segjer det seg sjølv at ein jamvel tykkjer at «fornorsking er fornuftig» (s. 53). *Pøbb, skvåsj, sørvis* ... Det vert ikkje sagt noko um kvifor ein skal brjota sund engelske lånord på denne måten; er det for at dei skal sjå ut som norske ord, so ein kann nytta fleire av deim? Norsk språkråd gjorde seg til eit åtløge med dette vedtaket og tapte so

mykje prestisje at Stortinget ikkje lenger strøyer sand på alle målbrigdingane deira. Kva skulde vedtaket vera godt for? Det kunde ikkje vera for å gjera det lettare for skuleborni, for engelsk er obligatorisk i norsk skule, og noko «engelsk språkråd» finst ikkje; norsk skuleengelsk er den som vert nytta som kulturberar og kommunikasjonsmiddel ute i verdi. Folkelegt er det ikkje helder; ei statleg nemnd og ein statleg rettskrivingsnormal er det stikk motsette av folkelegt. Og ikkje gjer det lesnaden lettare for deim som sit og staukar og les bokstav for bokstav; for kven seier «skvåsj» med lang å-ljod? Eller «sørvis» med lang ø? (Folk flest hev faktisk lese litt fyrr, og gjeng i surr når ein bryt vanane deira, men Norsk språkråd tek berre omsyn til deim som les bokstav for bokstav.)

Forfattarane hentar mest ingi døme frå norsk presserøyndom, og det skal me kann henda vera glade for, for framstillingi av soga um «Da Geelmuyden intervju Gro» (s. 113–114) er so upresis i detaljane at ho vert meiningslaus, attåt at soga er heilt irrelevant i ei dryfting av notat- og sitatteknikk.

Det som hende, var at Brundtland, intervjuobjektet, ikkje vilde kjennast ved det ho hadde sagt, so pressesekretæren hennar vølte um på både brødtekt, spursmål og svar, og Det Nye prenta den nye teksti i namnet åt Geelmuyden. Men Vestad og Alme skriv: «Geelmuyden leverte ei revidert og 'statsautorisert' utgåve til Det Nye, og Kapital trykte det opphavlege intervjuet.» (s. 114). Ikkje eit pip um Geelmuyden, Det Nye elder Brundtland hadde rett i det dei gjorde, og kven som tente elder tapte mest på det som hende. Dette er ein av dei mest forvitnelege konfliktane i norsk pressesoga, og alle bladfykar kjem ut for dilike ting: Likar intervjuobjektet bladfykar? Fær eg studnad frå bladstjorni når eg treng det? Når boki glattar yver konflikten her, fær ein kann henda eit inntrykk av kor livsfjerr ho er. Lat meg taka med ein skarp observasjon um nyhende på netet: «Mange nettsaker blir publiserte etter kvart som noko skjer.» (s. 132).

Stakkars den journaliststudenten som freistar å fylla nynorskkvoten sin med denne boki!

## Joost van den Vondel – kunstmålareren i poesien

Av Ronny Spaans

Norsk litteratur nådde eit høgdepunkt med romantikken. Det same gjorde den tyske og engelske bokheimen, medan Nederland fostra snaudt ein einaste romantisk diktar. Lengten etter genuine kjenslor og naturmystikk beit ikkje på dei rasjonelle handelsborgarane i dei låge landi. Her var den siste resten av vill natur alt drenert eller dikelagd til vern mot havet. Høgdepunktet kom med realismen. Men Nederland hadde alt havt ein litterær gullalder. I stordomstidi på 1600-talet – «de gouden eeu» – med frigjeringskampen mot Spania, blømde kunsten i renessanse og barokk. Målarkunsten er alt kjend med namn som Rembrandt og Vermeer, men litteraturen var på jamhøgde og den største dikteren er Joost van den Vondel (1587–1679). I Amsterdam, som i ljonfart vart reist på eit myrland med fleire tusund norske timberstokkar, finn vi tallause sitat etter dikteren på bygningane, og byparken heiter Vondelpark. Vondel skreiv sjølv at um vi snur Amsterdam på hovudet, fær vi ein «norderlendsk skog».

Vondel blir kalla Nederlands Shakespeare på grunn av alle tragediane han skreiv. Men han skil seg frå samtidsdramatikarane med ei medviti og undersøkjande tilnærming til genren. I motsetnad til dei som fylgde tradisjonen etter Seneca med innslag av blodspille og skrømt på speltilet – liksom i *Hamlet* av Shakespeare – gjekk Vondel attende til Sofokles og skreiv syrgjespel etter dei upphavlege græske reglane, men tufta på kristen mytologi i staden for den klassiske gudelæra. Men han henta emne frå samtidi òg, jamvel frå kinesisk politikk, til dømes dramaet *Zungchin*. Hovudverket *Luicfer* er dikta um til norsk av Albert Lange Fliflet og finst i Thorleif Dahls kulturbibliotek. Han kann helder kallast Nederlands Milton. Milton bygde som kjent òg på Lucifer-mytten i *Paradise lost*. Næste år kjem eit skodespel til av Vondel ut på norsk, *De syv brødre*, attdikta av Kåre Langvik-Johannessen.

Med dette utgangspunktet kann vi gå til lyrikaren Vondel. I spansk renessanselyrikk skil dei millom tvo skular, *conceptismo* og *culteranismo*. Den fyrste skulen rømde dikteren Quevedo og vilde burt frå latinismar og obskuritet og vektlagde rett målføring og vittige replikkar med uventa bilæte. John Donne er eit engelsk døme. I den andre gruppa finn vi Góngora, som



dyrka ein lærd poesi med rikeleg bilætebruk. I England stend John Milton for denne lina. Den fyrste skulen konsentrerte seg um augneblinken, medan den siste hadde ein fot i fyrrtidi. Dei gamle mytane gav deim emne til poetisk rikdom. I nederlandsk renessanselyrikk finn vi *conceptismo* hjå Constantijn Huygens, den fyrste til å setja John Donne um til framandmål, medan den konservative Vondel, som skreiv nidvers um Donne, kann helder jamførast med Góngora og Milton.

Hjå Vondel utartar denne stilen i ein slags målarkunst. Han hev skrive tallause dikt til målarstykkje – eitt av deim er prenta her i norsk målbunad – og du kann merke koss han nærmar seg objektet med eit tolsamt tilskodarblikk. Mange trur renessansediktingi berre tek fyre seg bibelsogone. Men det er ikkje berre moralpreik og syndevedkjenning slik vi er vane med frå norderlendsk barokk. For dei store diktarane var desse velkjende og fasttimbra mytane kulissor det galdt å utsmykke og utbrodere. Ikkje uventa stod det «målarstykkje» og ikkje «skodespel» under titelen på mange av bøkene til Vondel. Ei onnor utsegn er at barokkdiktingi skal vera so dynamisk og stormfyld. Det er sant med visse atterhald. Renaissance-diktaren byggjer alltid på fast grunn; udiskutable mytar og konkrete hendingar i livet og politikken, medan den romantiske skalden, um vi tek litt hardt i, ofte byggjer på poserte kjenslor og liding og modernisten på ideologi og intellektualisme. Difor blir renessansediktingi aldri affekttert eller tvilsam um ho er enn so patetisk i uttrykket.

Vondel stod i samband med mange av lærlingane til Rembrandt van Rijn og vart portrettert mange gonger. Men yndlingen hans var ikkje denne meisteren i *clair-obscur*, yndlingen var katolikken og sudnederlanding Pieter Paul Rubens. Vondel konverterte nemleg som femti-åring til den katolske kyrkja. Dermed gjekk nasjonalskalden beint imot strau-men, for frigjeringskampen galdt ikkje berre uthivingi av spanske soldatar, men dei gamle helgenfigurane med. Vondel laut tola mykje motgang og døydde som ein fatig mann yver nitti år gamal. Men han gjekk ikkje i gløymebooki. For kunstnarrolla var onnorleis på den tidi. Poetane var tilknytte diktarlaug. Ein diktar utan tame i diktunst og lang opplæringstid var utenkjeleg. I 1679 kom fjortan poetar og henta gamlingen og bar honom til Nieuwe kerk der han vart feira. Myten um det uuppdaga geniet var enno ikkje oppfunnen. Og ser du på livet til Vondel, var det ikkje mykje æventyr. Han dreiv ei tyforretning. Kona stod i disken og selde strømpor, medan Vondel sat på bakromet og skreiv vers! Venen og dikteren Geeraardt Brandt (1626–1685) diskuterer det i biografien *Het leven van Joost van den Vondel*. Det er viktig for dikteren å vigje all tidi til kunsten – han skriv «dat om een Poëet te worden, drie dingen noodig waren; een Poëtsche geest, liefde tot Filosofye en leedigheid». Brandt er elles kjend for ein annan ting: Alt på 1600-talet forsvara han bruken av rimlause vers!

Det er fyrst med romantikken grensa millom kunstnar og kunst blir vag. I fyre hundradåret fell ho heilt burt. Den eksistensielle dikteren som hev skore burt alt utanum det rette, heilage uttrykket på den indre angesten, er framand for renessansediktingi. Ein kann tala so mykje ein vil i dag um originalitet og språket som fell i klisjear fyrr dei når kjenslone. Det gjeld anten minimalisten som ikkje brukar meir enn fem ord i rædsle for dei språklege fallgruvone eller postmodernisten som spyr ut ord for å gjennomskoda desse fallgruvone. Båe held språket for ein fåre, men samstundes veit dei knapt kva ein jambe er. I renessansen var det umsnutt. Språket var til glede. Snur du blikket frå krisa i den vestlege samtids poesien til harmonien og nyan-sane i renessanselitteraturen, skynar du at den moderne skepsisen til språket i mange tilfelle berre er hypokondri!



## Til eit italiensk målarstykke av Susanne

Ho reine Susanne er spilder naki og badeklar,  
men som det høver seg, hev duken yver brjostet,  
so reint som kjøtet sjølv, og kikar uroleg rundt  
um ikkje noko auga leitar seg fram til henne  
og mettar seg med syni av det som eggjar mannfolk.  
Ho fær ein farge på kinni, ho rødnar varsamt,  
for ho hev mistanke um at einkvan kikar på.  
Ho myser kvassøygd rundt, meir årvak enn ein falk  
igjenom kjerr og kratt og kjenner alt ein loge;  
Eitkvart brenn mot henne: ei parring frå naturi  
som korkje sloknar eller styrer seg som Salomo.  
Kor heldig er den munnen som fær kysse henne,  
dette hovudet av rubin som berre er meint for éin.  
Men bruk no augo godt, sjå kor sky ho er  
og vender ryggen til og gøymer fronten unna.  
Sjå på okslene hennar, nakken, ryggen og armane,  
den levande alabasten, dei ljose og myrke partii,  
koss kroppen er runda av. Toskansk fornuft, kor lenge  
sov målar-kunsten fyrr han endeleg vart vaken?  
Kann fargar brenne i brjostet, det isklaka brjostet vårt?  
Her finst ingi målarånd med fargar og pensel,  
her heng 'kje noko kunstigt bilæte laust på veggen;  
dét liver som um Angelo hadde gjort det av marmor.  
Andlitet lyser mot oss av kvinneleg sømd og dygd,  
bed oss halde fråstand og minner oss um steiningi  
som lik ei haglebye knusa hausen på kallane.  
Her strir attpåtil Sankt-Paulus med seg sjølv  
og taper fyrr han lukkast væpne seg med bøner  
ovanfrå og herde seg med himmelsk nåde.  
Målar-kunsten hev skuldi, det er han som skader  
sjælene og forvillar dei i denne labyrinten.  
For gneisten i augo hennar trollbind penselen  
og vekkjer Elskhugen til live på lerretet.  
Hadde Josef sét ho, fagre kvinna naki,  
ho hadde ikkje trunge å ta kapp av han.  
Han vilde sjølv ha trygla, lege for føtene på ho  
og fridd til ho, var det ikkje for at engelen  
og verjaren hans kom ned i flog frå stjernekvellen  
og gjorde hjarta um til stein og sløkte elden  
som rasa gjenom blodet, senene og årane hans.

Å, vænleik so dygdefull og verd ein konges gunst,  
soleis stryk Naturi flagget til ære for Kunst.

## Til stokken hans Johan van Oldenbarneveldt, landsfaderen

Stokk, eg nektar deg å rotne!  
Det var ingen svikar som du bar,  
det var det frie Hollands far  
som du studde på skafottet.  
Han knelte under bøddelslaget  
og måtte smaka same nid  
som på Keisar Neros tid  
då Seneca vart tatt av dage.  
I framtid kjem du til å sanne  
kor urettferdig helten fall,  
koss rettferd vende um til vald  
med æremink for heile landet.  
Kor ofte var du eit av stegi  
til den tilårskomne krok  
og sette ut ein tredje fot  
so han vann den lange vegen  
upp troppi til regjeringsbygget,  
der bøygd i statens sorg og sut,  
den gamle mannen sleit seg ut.  
Kor krum, men berre krum i ryggen!  
Du gjorde traust den same plikti  
og studde kallen til den siste dag,  
full hemnsjuka og beiske gnag –  
no styd du jamvel dette diktet.

Merknad: Johan van Oldenbarneveldt (1547–1619) var ein høgsett nederlendsk politikar som laut bøte med livet etter ei sers tvilsam rettsak. I dag blir denne hendingi sedd på som eit av dei store mistaki i nederlendsk politikk. Stokken Vondel rettar diktet til, trong åttiåringen til å koma seg upp på skafottet.

*Båe dikti av Joost van den Vondel er attdikta  
til norsk av Ronny Spaans.*

## Smalehovud er godt Aasen-mål

I Vestmannen nr. 2/2003 skriv Jostein Krokvik um eit vedtak som fagnemndi i Norsk språkråd hev gjort um å skifta ut skrivemåten *smalehovud* med *smalahove* i norsk-dansken. Fyrst skriv Krokvik at målfolk «treng ikkje meina noko» um vedtaket, «for folk som brukar bokmål må få avgjera korleis dei vil skriva sitt mål», men snart etter gjeng han ved at «Jau, me hev sans for bokmålsvedtaket».

Krokvik er openbert misnøgd med den norske formi av ordet: «I nynorsk-ordlistor finn me, som venta var og i den mun me finn ordet, «smalehovud», liv-laust og bokstavrett etter ei statsteknokratiske mållæra som no hev fenge offentleg attest på at ho er daud.»

Her må me få minna Krokvik um at skrivemåten *smalehovud* er Aasen-norsk som nokon: Aasen valde som kjent skrivemåten *hovud*, og då må det heita *-hovud* i samansetjingar òg. I *Norsk Ordbog* finst det nøgdi av samansette ord på *smale-*, og alle hev *-e-* til bindeljud, t.d. *smalebeist* og *smaleffjos*. Aasen vilde ikkje nytta *-a-* her, jamvel um han visste at det var eldst og livde enno i mange sudvestlandske målføre, og han gjev gode grunnar for det i *Norsk Grammatik*, serleg i § 263.

Det er difor ikkje nokor «statsteknokratiske mållæra» som ligg attum ein skrivemåte som *smalehovud*, men det at Aasens eigne målreglar hev vorte fylgde.

Krokvik endar upp med å gjera framlegg um heile tri nye skrivemåtar i norsken: *smalahove*, *smalahovud* og *smalahovu*. Dette er inkje anna enn målførekløyving.

Når fagnemndi hev gjenge inn for *smalahove* i norsk-dansk, heng det venteleg saman med at det er den skrivemåten som er vanlegast i det målet. Der hev dei for vane å taka upp norske ord i ljodrett form (jf. *ur*, *jente* for *urd*, *genta*), og ordet *smalahove* skriv seg frå målføre som hev nett den formi. Det er like vel ikkje nokon farande veg i norsken, som skal femna um heile landet. Då duger einast den Aasen-norske skrivemåten *smalehovud*.

**Klaus Johan Myrvoll**

## I toppsjiktet som skapande og original tenkjar

Av K. E. Steffens

Manfred Kuehn:

*Kant. A Biography*

Cambridge University Press 2001

Paperback 2002. 544 sidor

Stort meir enn «das Ding an sich» og «morallova» vil norske med akademisk utdanning og utan nokor serleg interesse for filosofi knyta til namnet Kant i dag. (Eg ser då bort ifrå «kryssord-kunnskapen»: «stor tysk filosof»). Nokon skule hev han elles aldri hatt i Noreg, men lesen og dryft hev han vore sidan Treschow, og framleis hev han ein trygg og sjølvsgad plass i lærebøker til examen philosophicum. Der er rimeleg gode grunnar til det. Det er uråd å skyna utviklinga av europeisk filosofi på 1800-talet og vidare framover utan kjennskap til kantianismen, og den nyvekta og sterke interessa for etikk hev gjeve synsmåttane hans på det omkvervet auka aktualitet. Og so må det leggjast til at han høyrer til toppsjiktet når det gjeld skapande og original tenkjing; noko som vert spegla av i ein uhorveleg akademisk produksjon, eller kanskje rettare sagt industri, som var komen godt i gang då Kant døydde 80 år gamal i 1804.

Men noko dragande og kveikjande biografisk objekt hev han aldri vore. *Tenkjaren* hev skygt for mennesket og personlegdomen; livet hans hev vore rekna for uspanande, ja i so høg grad merkt av reglar og pedanteri og plikt at det vanskeleg kan vekkja varme kjensler for sjølv mannen. Langt på veg hev det lukkast Manfred Kuehn i denne biografien å verknadsfullt bota på dette inntrykket og teikna eit bilete av ein mann, eit miljø og eit livsløp som er både forvitneleg og opplysnande.

Emanuel (han brigda det seinare til Immanuel) vart fødd i den prøysiske byen Königsberg, som son av ein seletymakar. Foreldra var sterkt merkte av den pietistiske rørsle, men endå han respekterte livssynet deira og sette pris på den oppsedinga han fekk, distanserte han seg seinare frå denne forma for «inderleg» religiøsitet, som hadde eit godt feste på universitetet i byen. Synet hans på kristendomen og religion ålment var i det store og det heile merkt av den teologiske rasjonalismen, som stod sterkt i opplysningstida, og som ofte vert oppsummert i omgrepa «Gud, dygd og udøyelegdom», og der Jesus spela ei større rolle som etisk



fyrebilete enn som frelsar og sonar. Då Fredrik den stores nevø Fredrik Wilhelm II vart konge i 1786, vart Kant uglesedd for dei synsmåttane han serleg hadde lagt fram i skriftet *Religion innerhalb den Grenzen der blossen Vernunft*, og i 1794 fekk han brev med åtvaring der kongen ymta fram på om ålvorlege fylgjer for professorstillinga hans dersom han skreiv og underviste slik at det kunne undergrava den statskyrkjelege religionen. Fredrik Wilhelm, som halla til rosenkorsokkultismen, var elles ein veik og lite respektert fyrste, som Kant likevel bøygde seg for, men berre fram til trunkskiftet i 1797. Kants filosofi var på denne tida kjend, ovundra, dryft og til dels motarbeidd over heile Tyskland, og materielt stod han seg godt med ein solid formue. Det var soleis truleg fornuft og plikt-kjensle som fekk honom til å utsetja offentleggjeringa av fleire manuskript. Kant var nemleg ikkje talsmann for oppreist og revolusjon; tvert imot meinte han at slike handlingar var moralsk forkastelege av di dei braut med den politiske kontrakteorien han gjekk god for. Men korleis kunne han då vera ein oppglødd og, som det ser ut til, reservasjonslaus forsvarar av den franske revolusjonen? Jau, han meinte at sjølv kontrakten var oppsgad med det at Ludvig XVI hadde kalla inn generalstendene og gjeve dei uavgrensa fullmakter. Då var det dei som representerte folket og kunne skipa styre og stell og endåtil innføra republikk, noko Kant var sers oppglødd for.

Kuehn kunne nok på dette punktet endå tydelegare markert kor merkeleg stirrig og blindt positivt Kant reagerte på revolusjonen og korleis han utvikla seg. Terrorregimet under Robespierre var utan

tvil fyrebiletleg for Lenin, og korkje han eller Stalin ville gjera det «mistaket» å vera for milde eller veike, slik at «kontrarevolusjonen» kunne få overtaket. Kuehn kan i det heile ikkje hjelpa oss dersom me ynskjer ei *kritisk vurdering* av tenkjinga åt Kant og kor sætande og verdfull ho eventuelt er i dag.

Men det ville vera urettvist å leggja vekt på det, for Kuehns oppgåve er fyrst og fremst å skildra Kant som personlegdom og som aktør i eit sosialt og kulturelt fellesskap som var råma for det filosofiske strevet hans. Utdanninga hans, læreemne, lærarar, arbeid, stillingar og tilhøvet til kollegaer, vener og kjenningar vert klårt og godt framstelt i hovudteksten, godt supplert med ein rikdom av notar. Det som slær ein er kor omgjengelig, ja selskapeleg innstelt Kant var og kor europeisk velorientert han var. Königsberg var langt ifrå nokon kulturelt isolert og tilbakeståande provinsby, men tvert imot ein by der det var vandelaust for ein filosof som Kant å fungera og halda seg godt orientert om straumar og tendensar i samtida. Handel og samferdsel var òg godt utvikla, den opphavleg engelske kjøpmannen Joseph Green vart ein nær ven, ja kanskje den av alle som stod honom nærmast, og Green hjelpte honom med råd og dåd når det galdt velukka plassering av løn og honorar, slik at Kant etter kvart fekk ein solid økonomi. Slik Kuehn framstiller det var Greens livsstil eit fyrebilete for Kant, ja han hevdar at mykje av det anekdotiske biletet av den regelstyrde filosofen byggjer på vanar og tildriv han hadde lært og eigna til seg frå samværet med Green. Liksom han var Kant ugift, men var etter alt å døma naturleg heteroseksuell og respekterte og hadde kvinnelege vener millom dei som av stand og kultur høyrde til omgangskrinsen hans. Syskena og anna slekt var ikkje med der; Kants tilhøve til dei var distansert og utan varme, men elles i samsvar med pliktene som fylgde med å vera ein velståande bror og onkel.<sup>1</sup>

Kuehn er professor i filosofi; no, etter fleire år i Sambandsstatane, hev han ein lærestol ved Philipp-universitetet i Marburg. Med den bakgrunnen meistrar han godt oppgåva å syna voksteren og utviklinga av *tenkjaren* Kant i samspel med tidlegare og samtidig vestleg filosofi. Serleg fekk Hume mykje å segja, då han «vekta» Kant ved den skeptiske

empirismen sin, og *Kritik der reinen Vernunft* (1781) kan ein utan altfor mykje overdriving sjå på som eit svar til Hume.

Kant ville syna at det reine vitet ikkje kunne sannkjenna det røynelege slik det eigenleg og inst inne er. Når me likevel kan orientera oss på ordna og samanhangande vis, er forklåringa å finna i sjølve det menneskelege sanseapparatet og dei funksjonsmåtane som høyrer forstanden til. Det me røyner vert so å segja tvinga inn i og stend naudsynt fram for medvitet gjennom former (tid og rom) og kategoriar (t.d. årsak og verknad). Men korleis kunne me då vita noko om Gud, dygd og udøyelegdom, som Kant innsåg var naudsynte «postulat» for eit nokolunde velfungerande moralsk og sosialt liv? Han avviste openberring og direkte, det me ville kalla okkult eller esoterisk vitskap og innsikt (jf. synet hans på Swedenborg), og då måtte han sanna at noko so grunnleggjande som moral og overtvinging om fridom var gåter som vitet aldri kunne grunna ut og rasjonelt prova. Dette var eit standpunkt neste generasjon av tyske filosofar ikkje godtok, og for Kant og dei som fylgde honom var det både forunderleg og forargeleg at den tyske idealismen med utgangspunkt i Kants «knusing» av alt metafysisk strev lagde fram storfelte tankebygnader som dei hevda var i samsvar med korleis verda

og røynsla inst inne var konstituerte.

Kor som er: Kant greidde å fullføra prosjektet sitt: etikken vart saumfaren i *Kritik der praktischen Vernunft* (1788), der ein moral bygd på menneskeleg sjølvstende og vit vart lagd fram, og i *Kritik der Urteilskraft* (1790) kom teori og forklåring på venleik og røynsla av det sublime.

Men då hadde han nått den på den tida høge alder av 66 år, og det ein med Kuehn må kalla ei tragisk intellektuell svekkjing vart meir og meir berrsynt. Fysisk hadde han visst aldri vore sterk; han var liten og tynn, noko plaga av «hypokondri» og vanskar med meltinga, men han hadde òg sans for god mat og som nemnt sette han stor pris på selskapleg samvær der han kunne briljera med lett og åndfull konservasjon. I sine yngre år og før han utvikla eit meir regelbunde og disiplinert liv var livsstilen hans so lett og fri at Kuehn kallar eit kapittel i boka for «The elegant magister».

Kant såg noko djupt menneskeleg og naturleg i den metafysiske drifta, men ville òg syna at intellektet var slik skipa at det var bunde, ja «innesperra» av former og kategoriar som gjorde effektiv metafysisk sannkjenning og semje umogeleg. Sidan beinveges intellektuell innsikt i dei røyndomane som ligg utanfor tid, rom og funksjonsmåtane åt tanken

var umogeleg, vart verdiar (moral), garantisten for dei (Gud) og frukta av eit sedeleg liv (udøyelegdom) hangande i lufta som postulat, og dei kunne berre *trua* gripa og halda fast ved.

Kor som er: Kant er ein tenkjar av stort format, og Kuehn hev i denne biografien synt at han er fengslende og forvitneleg som menneske og personlegdom òg.

#### Note

<sup>1</sup> Kant trudde sjølv at farsætta hans hadde skotsk opphav, men nyare gransking hev ikkje stadfest dette.

I ein note på s. 430f tek Kuehn Kant i forsvar mot skuldning for avvisande eller likesæl haldning til syskena sine, men han er tydeleg noko uviss når det gjeld broren Johann Heinrich, som fylgde Immanuel's fyrellesingar og i breva sine (som professoren ikkje so ofte og utan varme svara på) syner klår interesse for tenkjinga og karrieren til den 11 år eldre filosofen. Forvitnelege opplysningar om Johann Heinrich Kant (Kuehn nemner ikkje noko om karrieren hans) finn ein i ei god svensk bok av Gunnar Landtman: *Kant. Hans liv och filosofi* (s. 17f).

Truleg finst der «kollaterale descendentar» av den store filosofen, for han var onkel til fleire, men eg hev aldri støytt på opplysningar om folk i seinare tid som rekna seg i slekt med Immanuel Kant.

## Ein nasjonal aristokrat

Av Lars Bjarne Marøy

Thoralf Kielland Bergwitz:

*Domen. Eidsvollsmannen og statsmannen Severin Løvenskiold i motgang og medgang*

Dreyer bok, Stavanger 2001. 223 sidor

Thoralf Bergwitz gav for ei tid sidan ut ei bok um lagnaden åt eidsvollsmannen og statsmannen Severin Løvenskiold (1771 – 1856). Løvenskiold kom frå Fossum i det som då var Bratsberg amt (Telemark fylke i dag), styrde Fossum verk og budde der. I 1814 var han ein av utsendingane til Eidsvoll frå Telemark. Dei andre var bonden Talleiv Olavsson Huvestad og Peder Jørgen Cloumann.

Bergwitz ynskjer å visa at Løvenskiold var ein mann som vilde Noreg vel og at når han i ettertid ikkje hev fenge den heideren han fortener, heng det saman med at han:

1 var for ein union med Sverige i 1814, og

2 vart dømd i ei riktsrettsak for ikkje å

ha gripe inn då den svenske kongen løyste upp Stortinget i 1836.

Berwitz hevdar at desse hendingane segjer lite um mannen og livet hans elles. Det underbyggjer han med å visa til brev og nedskrifter m.m., og ikkje minst til biografien um Løvenskiold av Olaf Gjervøl. Elles finst det nok av skrivne kjeldor knytte til Løvenskiold, som var statsminister i 8 år og stathaldar i ei årrekke. Dessutan brukar Bergwitz lokalhistoriske nedskrifter knytte til bonden Talleiv Olavsson Huvestad.

Bergwitz styd seg til den teorien som gjeng ut på at den danske prinsen ynskte å få Noreg inn att i unionen med Danmark etter at Danmark hadde lote gjeva frå seg Noreg i Kielfreden. Bergwitz held fram at prinsen vilde taka yver styringi av Noreg på eineveldig vis, og at han henta inspirasjon frå Fredrik 3., som gjorde seg einveldig i 1660. Til prov på dette legg Bergwitz fram at prinsen ikkje ynskte at utanrikspolitikken skulde koma under kontroll

av andre enn han sjølv og at han fekk trumfa igjennom at riksforsamlingi skulde oppløysast etter møti på Eidsvoll. Planen til Christian Fredrik var at ikkje noko Storting skulde koma saman seinare, hevdar Bergwitz. Han vilde derimot tryggja seg at han sjølv skulde verta vald til konge av Noreg. Det finst nok av døme på at Christian Fredrik slett ikkje tedde seg serleg demokratisk då han vart konge i Danmark. Det talar for syni åt Bergwitz.

Bergwitz meiner at Løvenskiold og dei andre unionsmennene gjennomskoda dette spelet åt prinsen og at dei ikkje lét seg lura. I mange ordskifte synte Løvenskiold seg å vera ein gløgg kritikar av prinsen og dei næraste studnadsspelarane han hadde millom sjølvstendemennene. Ettetidi synte òg at prinsen i mangt gjekk for uklokt fram i høve til dei norske interessene. Hadde Noreg greidd å tryggja seg kontroll med utanrikspolitikken, hadde mange vandumål vore løyste. Det var ingen tvil um at svenskane var mekti-

gare enn nordmennene reint militært, men at svenskane vanta verkemiddel for å vinna tungtvegande kulturell og administrativ kontroll yver Noreg. Ei god samarbeidslina kunde ha gjeve Noreg betre skilord i unionen og spara landet for uturvande motsetnader med Sverige. Her meiner Bergwitz at Løvenskiold såg vidare enn mange av dei mest oppglødde sjølvstendemenene. Sjølvstendemenene vilde dimeir fremja ein politikk som hadde ført Noreg beint inn i ein ny union med Danmark. Det var ikkje gunstigt.

Bergwitz peikar på at det vart nytta harde ord mot Løvenskiold og unionsmennene på riksforsamlingi. Det vart tala um landssvik og dilikt. Men han lét ikkje til å finna serleg mange prov på at dette var ein kritikk og ein motsetnad som vart standande etter 1814. Det er difor liten grunn til å tru at oppøsingi i 1814 kunde hava nokon samanheng med at Løvenskiold vart stelt for riksrett i 1836, trass i at det er ei gissing Bergwitz legg fram. Denne gissingi verkar i alle fall ikkje yvertydande på meg. Det Bergwitz derimot kann hava noko rett i, er at unionsmennene faktisk var uppegåande og hadde gode kunnskapar og framsyner. Han syner òg at unionsmennene var vel so fedrelandssinna som sjølvstendemenene. Her gjer Bergwitz Løvenskiold til ein framgrunnsfigur på ein litande måte.

So kjem me yver til den andre luten av boki åt Bergwitz. Her må det segjast at det er fyrste luten som er sterkast. Boki hadde elles tent på at ho hadde vorte skift i større hovudbolkar. Slik som det er no, hev ho vorte skift i mange småe kapitel som ikkje alltid hev nokor klår retning. Det vert ikkje betre av at forfattaren ikkje alltid segjer klårt frå um kva leid framstillingi skal taka, og sume gonger kjem det uppattakingar som ein kunde ha

sloppe undan med ein strengare komposisjon. Men når det er sagt, er det ingen tvil um at Bergwitz sit med stor historisk kunnskap og med stor forteljargleda. Eit av problemi hans er at han ser vel einsidugt på noko som i beste fall er ei sers perifer orsak til at den svenske kongen løyste upp Stortinget i 1836, nemleg utanrikspolitiske omsyner i høve til Russland.

At dette er ei perifer årsak, kann ein få full vissa um gjenom å studera ulike historiske framstillingar. I dette høvet vil eg visa til fyrste bandet av *Ole Gabriel Ueland og unionspolitikken* av Arne Bergsgård (Oslo 1932), s. 171. Stortinget i 1836 var merkt av at bøndene hadde vorte ei viktug gruppering. Stortinget ivra etter å betra det lokale sjølvstyret gjenom formannskapslovi, og det skapte naturleg nok ikkje velvilje i Sverige, som helst vilde halda mest mogeleg politisk kontroll yver Noreg.

Bergsgård slær fast at det var umstridt millom granskarane den gongen i 1932 kva som var avgjerande for kongen då han løyste upp Stortinget. Det er likevel tvo grunnar som er serleg aktuelle: unionspolitikken og formannskapslovi. Dei norske kravi um lokalt sjølvstyre vakte upp att det gamle misnøget med unionen i førande krinsar i Sverige. Men Russland kunde ikkje vera anna enn tent med at Sverige var uppteke av unionspolitikken med Noreg, for då vart trugsmålet for Russland mindre. Det Bergwitz skriv um Russland er ikkje til å verta klok på for denne meldaren, trass i at han kjem inn på mange interessante historiske tilhøve undervegs. Kor som er var ikkje vanskane i 1836 større enn at det vart kalla inn til umframst Storting på hausten det året.

Gissingane knytte til utanrikspolitiske tilhøve verkar som sagt for perifere. Det

kom rett nok bod frå England um at rusarane hadde anneksjonsplanar, og kongen laut vel vurderer um han måtte bu seg mot slike åtak austfrå. Det kann òg høyrast rimeleg ut at mange svenskar såg med stor uhug mot Russland for at dei laut gjeva upp Finland, og at det var avgjerande for deim at ikkje Noreg skulde fara frå deim, slik Bergwitz meiner. Men stort meir er det ikkje å segja her.

Andre moment kunde dragast fram i denne samanhengen, men kor som er vert det einast spekulasjonar frå Bergwitz. Her burde han ha kome med betre underbygde teoriar. Han dryfter i alle høve ikkje grundig nok spursmålet kring stortingsoppøysing. Det som derimot tykkjest rimeleg, er at Løvenskiold ikkje kann ha handla med nokor personleg vinning eller ha havt noko unasjonalt motiv for å ikkje gripa inn mot svenskekongen. Um det er rett, som vanleg vert hevda, at Løvenskiold var avvisande til bondeopposisjonen, tek ikkje Bergwitz upp til dryfting. Det er det sentrale spursmålet. Spursmålet um kva som var grunnane åt svenskekongen høyrer saman med grunnane åt Løvenskiold. Her burde Bergwitz ha vore meir jordnær og ikkje lagt for einsidug vekt på utanrikspolitikken. Den svenske kongen og Løvenskiold kann ha havt sams skepsis til bondepolitikken. Eit meir komplisert svar treng ein kanskje ikkje å leita fram.

Stutt oppsummert vil eg segja at Bergwitz hev gjeve oss ei verdfull bok med mange interessante opplysningar og mykje spanande sogestoff. Boki gjer rett og skil mot Severin Løvenskiold, ein mann som etter det eg kann skyna hev tent landet sitt på ein god og velmeinande måte. Boki kunde ha vore strengare oppbygd, og ho lét mange spursmål standa opne.

## Minnekvæde til Per Sivle

Etter at Gudmund Harildstad etterlyste minnedikt um Per Sivle i fyrre nummeret av Målmannen, hev han kome yver eit «Minnekvad til Per Sivle», skrive av Lars L. Tyssen, som ikkje hev vore prenta fyrr. Etter oppmoding frå Harildstad prentar med det her.

### Minnekvad til Per Sivle

Minnast vil han, Sivleguten,  
gjenom lange Framtidsdag.  
Upp han steig på høgste Nuten,  
gav oss Kvad av egte Slag.

Desse med sin fulle Rett  
klinga vil frå Ætt til Ætt,  
til sitt rette Rum dei finna  
Norig rundt hjå Mann og Kvinna.

No er Skalden heiltupp tagnad,  
komen er han i si Grav.  
Han fekk altfor liten Fagnad  
for det Gull som han oss gav.  
Tungt han stridde, vond han leid,  
djupe Sår i Barmen sveid.  
Og hans Gråt den såg visst ingen,  
– var åleine um den Tingen.

Norig sårt no honom saknar,  
til hans Kvad me hadde trong.  
Berre bid til Folket vaknar, –  
vakna vil dei visst ein Gong.  
Då skal alle greidleg sjå:  
Sivle var heilt framifrå!  
Gjævt var det han kunde gjeva,  
Minnet hans vil lenge leva.

Bolstadfjorden, 20.11.1904  
Lars L. Tyssen

## Kvar var manuskonsulenten?

Av Anders Moe

Jostein Krokvik:

*Henrik Krohn. Vestmannalagsreisaren og målreisaren*

Norsk Bokreidingslag 2002. 248 sidor

Henrik Krohn (1826–1879) skipa Vestmannalaget, det eldste mållaget i Noreg, um ikkje det mest aktive. So skreiv han nokre småe bokfliser som med eitt undantak ikkje hev vore uppattprenta etter 1909, var bladstyrar for two stuttleva blad og dreiv fyrstikkefabrikk. Krohn var ein av dei tidlege bergensmålmennene, og Krokvik hev alt skrive bok um ein annan av deim: *Ny Hungrvekja og Jan Prahl* (Norsk Bokreidingslag 1993). Det er ei praktbok Bokreidingslaget her gjev ut; stort format, solide permar og eit rikt bilættfang. Boki kjem ut med studnad frå fleire kantar, og syner soleis kva som er gale med norsk boktilverking: prentekostnader vert dekte til yvermål, men manuskonsulentar er det smått med. Dette skulde ha vorte ei vän bok til jole-salet i 2003.

Det fyrste ein manuskonsulent vil spyrja um, er kvifor Krohn skal hava livsskildring i bok. Krokvik skriv i fyreordet berre at det er «underleg» at ei slik bok ikkje hev kome fyrr, men jamvel um bergensmålmennene i 1850-åri er ei forvitneleg gruppa, so sette ikkje Krohn so djupe far etter seg. No er det teke med so mykje stoff um dei andre i denne krinsen at dette snøgt kunde ha vorte ei bok um målstrev i Bjørgvin i den tidlegaste tidi; i ei bok um Henrik Krohn er slikt utrorar og utumsnakk, men bolken um hopehavet millom Ivar Aasen og bergensmålmennene er eit godt tidbilæte, og det hev ikkje vore skrive mykje um fyrr, so kann henda dette skulde ha vorte ei bok um heile krinsen?

Ein manuskonsulent hadde teke burt alt som ikkje hev noko med korkje Krohn eller Bjørgvin å gjera. Krohn hadde ikkje noko med folkehøgskulen å gjera, ut yver at han kom på tilstellingar der, so kapitlet um folkehøgskulen treng ikkje vera med; helder ikkje treng me endå ein gong høyra livssoga åt Aasmund O. Vinje elder Kristoffer Jansson.

So hadde ein god manuskonsulent kome til å taka tak i alle uppattakingane og plassane der teksti er rotut. Kapittel 4 er um *Ferdamannen*, kapittel 6 er um *Fraa By og Bygd*, so kvifor er då kapittel 13 um «Bladmannen Henrik Krohn»?

Dryftingi av um *dan*, *dat* og *dar* med rette kann kallast arkaismar (Krokvik meiner nei) kjem både på s. 150, 157 og 168; det same Vinje-hermet kjem på s. 131 og 143, innsamlingi åt Vestmannalaget til Vinje (som det ikkje vart noko av) er umtala både på s. 61 og 95, innsamlingi til Sverdrup både på s. 101 og 190, og kor mange gonger skal me høyra at Kristoffer Janson vart «mest elgjen» av at Krohn prata målsak med alle han møtte? Det er mykje slikt i boki, og di verre er fyrste kapitlet noko med det mest rotute. Krokvik vil byrja med ei snøgg livsskildring. Han kjem seg fram til 1858, då møter Krohn Bjørnson, og me fær ein utror um teaterlivet i Bjørgvin på den tidi, i tidi fyrr og fram til i dag, og me fær i forbifarten høyra at eit stykke av Krohn vart spela i 1875, fyrr me hev høyrnt noko um at han hev skrive det. Ikkje fyrr er Krokvik attende på rett kurs fyrr han legg ut på ein ny utror, denne gongen um folkehøgskulen. Ein manuskonsulent kunde ha skore undan hundrad sidor daudkjøt på denne måten, og det som er att, er vel verdt bryet.

Krokvik skriv kunnugt og godt um skriftene åt Krohn; han legg ut um desse gløymde bokflisene so ein mest fær lyst til å lesa deim. Der ein Stephen Walton berre ser ein livsfjerr nasjonalromantikar som vantar den rette samkjensla med bøndene, ser Krokvik at det ikkje er nokon motsetnad millom vyrndad for bøndene og vyrndad for målet deira. Dei er dei mest utskjelte i målrørsla, desse bergensmålmennene; Waltons *Ivar Aasens kropp* (1996) er full av svivyrdslege utsegner um konservatismen deira. Han vil hava det til at det var konflikt millom deim og Ivar Aasen; Aasen var i røyndi sosialist, men bergensmålmennene var borgarar som ikkje hadde nokon sosial tanke attum målstrevet sitt. Krokvik syner greidt at nokon slik konflikt ikkje fanst; tvertum var bergensmålmennene dei einaste som fylgde Aasen i eitt og alt, og bondevener var dei, um nokon var det. Krokvik nyttar høvet til å få inn nokre stikk mot «ei mikrogruppa statslønå måltuklarar» (som dei vert kalla på s. 228). Slike stikk er det alt for mange av i denne boki.

No er det i røyndi ikkje ei «mikrogruppa» som hev øydelagt nynorsken; språknemdene hadde vore mest makteslause um målfolket hadde yversét deim,

slik som bokmålsfolket alltid hev gjort. For mange målfolk er skilnaden millom skrifttradisjon og sokalla talemålsnærleik skilnaden millom folkelegt, naturlegt og godt på den eine sida og borgarlegt, fiseformemt og umoralskt på hi. Mange lesarbrev frå målfolk fortel deg at Ivar Aasen samla i hop dei vanlegaste talemålsformene, at Norsk språkråd i dag held fylgje med talemålsutviklingi og at nynorsken soleis alltid er det maksimalt einfelde målet for born å læra, og at nynorsk difor er moralsk høgverdigt. Krokvik treng å taka inn yver seg at mange målfolk i fullt ålvor trur på denne naive voodoo-pedagogikken og vil fnysa av tala hans um vyrndad for skriftmålet, som dei ser som raut frå ein snobbut elite som vil halda på dei sosiale serrettane sine.

Stortinget hev stogga samnorskpolitikken og nynorsken ser seg um etter ein veg vidare, men det er ikkje sjølv sagt, slik Krokvik trur, at i-målet og dei tradisjonelle formene no skal koma attende. Krohn-målet kann tykkjast framandt etter so mange år med målblanding; det er for mykje å vona at alle skal sjå i augo at den politikken som vart førd i heile etterkrigstidi var mislukka av di han var noko tull og strakst koma attende til den gode nynorsken. Det er vel og bra at Stortinget no set foten ned for Språkrådet, men vil fleirtalet av målfolk vera med på noko slag atterreising?

Krokvik fortel um målbruk hjå Krohn, og um kvifor Krohn var målstrevvar, og det er ei god byrjing. Han gjev eit noko anna bilæte enn Stephen Walton, og det er og onnorleis på den måten at det byggjer på kva Krohn og krinsen hans skreiv. Men det er ikkje godt nog å berre kalla Walton «vulgærmarxist»; det forvitnelege er no at det syner seg å vera semja millom Walton og Krohn når det gjeld det sosiale ved målstrevet.

Dei som hev trutt på talemålslina kann koma på nye tankar um dei vert kjende med Krohn og krinsen i Bjørgvin, men Krokvik er polemisk og ikkje didaktisk; boki kjem ikkje til å vinna so mange nye vener for i-målet som ho kann henda elles kunde ha gjort. Er ho so verd å lesa? Når Krokvik hugsar kva han skriv um, skriv han både godt og forvitneleg um desse allra fyrste målstrevvarane. Eg vil beda lesaren um å tru meg på at det som er godt i denne boki, er beint fram morosamt å lesa.

## Korleis eg vart bokven

Av Jon Bleie

*Målmannen prentar fyrste stykkjet i ein føljetong på tri bolkar*

*Skrifti Korleis eg vart bokven av hardin-gen Jon Bleie (1904–81) vart prenta fyrste gongen i 1944 i rekkja «Små-skrifter for bokvenner» på bokreidings-laget N. W. Damm & Søn, Oslo.*

I barneheimen min hekk det ei bokhylle høgt oppe på veggen. Når eg skulde nå i dei skattane som stod der oppi, laut eg fyrst setja ein stol oppå stovebordet og kravla meg opp, og endå laut eg tøya meg, skulde eg nå i bøkene. Difor datt eg og ned stundom og slo meg til naseblods i den kvasse bordkanten. Seinare har eg funne ut at det jamt kostar mykje å nå i litteraturens skattar – om ikkje nettopp naseblod.

Det var to bøker eg serleg lika å blada i. Den eine var den illustrerte utgåva av *Norske folke- og huldreeventyr*. Aldri vart eg trøyt av å sjå på bileti. Gudes teikning av Asbjørnsen der han skrid på ski nedover i måneskinet mot Tuppenhaug med ein rev på ryggen, lika eg best. Jamt når eg bladde i boki, laut eg til slutt leita fram att den. Eg tykte mest eg høyrde kor snøen knitra under skiene hans. Den andre boki var biletutgåva av *Snorre*. Eg bladde og bladde, og tykte etter kvart at eg kjende folki der tolleg godt. Dronning Gunnhild der ho sat ein-sam på Orknøyane, var so lik kona i grannestova når ho var kyrkjekledd. Og eg tykte so synd i den blinde kong Rørek der han sat att åleine i båten medan dei andre rømde i land. Nokon av dei sterkaste kunde i minsto bore han i land og gøymt han vel i eit byske i skogen.

Då eg bala med Austlids abc, fekk eg mi fyrste rettelege bok. Det hadde seg slik at dei største gutane på garden tala so mykje om ei bok dei kalla «Robinson», som skulde vera so utifrå gild. Den som kunde eiga henne! Eg gjekk til henne gamle bestemor med sutene mine. Ho sat og spann, og eg sette meg på krakken framfor rokken hennar og opna mitt hjarta. Og då ho høyrde namnet Robinson, skauv ho brillone oppi skallen og stogga rokkehjulet med handi og lydde på meg. Jau, «Robinson» var ei god bok, let ho, og so tok ho til å fortelja om Robinson og øyi hans og villmennene og alle dei rare dyr og fuglar som var på øyi. Pengane som eg vanta, vilde ho gjeva meg.

Ein morgon ei tid etter låg *Robinson*

*Crusoe* (Damm's utgåve 1900) på bordet, rein og ny. Og den som spratt snøgt or sengi, var eg! Eg bladde og skoda. Utanpå permen var der bilete av Robinson der han kjem i land til øyi med floten sin. Og inni var der bilete mest på kvar side. No skulde ho bestemor få sjå! Ho tok straks til å blada, men sa ikkje noko før ho kom langt uti boki. Då nikka ho attkjennande: «Å jau, der er Fredag og!» Ho bladde litt til, men slo so brått boki att. «Å nei, den gamle boki eg hadde, det var noko anna, det! Men han Isak tok henne vel med til Amerika. Der var bileti i naturlege fargar. Eg minnest dei ville var skildra kor dei dansa kring bålet». Og so kom det ein heil lovtale over den gamle utgåva med fargelagde tresnitt. Eg gjekk tagal heim, og bladde på nytt gjennom boki og freista overtysa meg om at ingi bok kunde vera vakrare enn mi.

Seinare gav han far meg mange andre gilde bøker. Og i 12-årsalderen våga eg å skriva etter bøker sjølv. Det var ein høgtidsdag då fyrste pakken kom frå Olaf Norli. Eg trur eg skalv av spaning då eg opna han, og dei nye, vene bøkene låg der framfor meg. Det var *Dagros* og *Ivar den spake* av Seland, *Småfolk* av Stefan Frich og *Brør og halvbrør* av Floden, og so dei fire vene biletbøkene *Kringla* som Munin gav ut. Men so var det ein stor kapital eg hadde lote sankt ihop og, over seks kronor!

Det gjekk mange boktingingar til Norli's bokhandel, som i tankane mine vart mest som eit tempel. Den som kunde kome dit og set alle dei gilde bøker som vart utgjevne der, eller som var å få kjøpa der! Der kom og *For Bygd og By* ut, det gilde biletbladet som me var so glade i. I desse gutedagane vart Olaf Norli mitt store ideal, og er det enno. Hans livsdag har vore eit arbeid for folkeopplysning og humanitet. Han har lagt den trauste grunnen for nynorsk forlagsverksemd meir enn nokon annan og ikkje hoppa lenger enn staven rakk. Difor har han makta å draga lasset fram, so hans livsverk er vorte eit rikt kapittel norsk kultursoge. Han er traust og norsk som dei gamle fjell i syningom.

Ein dag låg det eit hefte på kateteret i skulestova som eg kom til å glytta mykje i. Det heitte «Julelitteraturen 1916». Å blada i den var som å sjå inn i eit paradiso. Her var bilete av ei mengd bøker og bok-

skrivarar. Snart visste eg å skaffa meg katalogar. Og det vart spanande dagar å sjå i dei. Det var som oppdagingsferder i framande land. For jamen var det mykje herleg å oppdaga, frå «Troldskab» til «Eventyrfjeld». Seinare har ogso jolekatalogane vore meg ein kjær lesnad, både frå Den norske bokhandlerforening og forlagskatalogane frå Aschehoug, Gyldendal, Norli og andre. Eg har teke vare på dei alle. Det er med spaning ein opnar dei fyrste gongen, når dei kjem i slutten av november. Men jamen er det interessant å blada oppatt i dei gamle årgangane og. Du møter att halvgløynde kjenningar og gjer stadig nye oppdagingar. Dette gjeld både tekst og bilete. Det er mest som når du går i fjellet og møter att steinar og bekker, snøfenner og nutar, og høyrer heilo og elvesus – det er alt gamle kjenningar som det er kjært å møta att, og attåt oppdagar du alltid noko nytt.

Ei stor glede vart det for meg då eg fekk jubileumsnummeret som *Norsk Barneblad* sende ut i 1917. Der var bilete og omtale av over halv hundre menn og kvinner som hadde skriva eller teikna i bladet. Men aller gildast var eit stykke av Karen Grude Koht om alle barnebøker som var prenta på nynorsk. Det las eg mange gonger, og skreiv opp ei ynskjeliste. Når eg fekk pengar, skulde det nok verta bøker! Berre sumaren og hausten snart vilde koma, so eg kunde få vera hjå grannane og henta morellor og kissebær og eple og tena pengar til bøker! Eg hadde alt tent mange kronor slik. Fyrste åri fekk eg 25 øre dagen, og no var dagløn stige til 70 øre. Og eg var i potetåkeren både vår og haust. Medan eg arbeidde, tenkte eg på dei vakre bøkene og denne gongen skulde kjøpa for løni.

Etter kvart vart eg godt kjend i barnebokheimen. Serleg var eg glad i dei fire gutane hans Rasmus Løland. Sogone om dei kunde eg snart på fingrane. Og so var Hjortefot slik ein gild kar. Men Cooper var endå meir til kar enn Ellis. Det var fælt ein gong eg sat midt oppe i «Veghittaren» på Dei tusen øyane, og so laut ro til handelsmannen. Då rodde eg snøgt.

Ein annan gong var eg oppteken med *Rødefjær* av Ellis som eg nett hadde fått i posten frå N. W. Damm & Søn. Eg dreiv på og las utetter kvelden og måtte verta ferdig, for dagen etter skulde eg vera hjå

grannen og henta kissebær. Men då boki var halvlesi, vart svevnen for sterk. Kor gildt var det likevel ikkje å vakna om morgonen, for regnet sildra og rann i takrenna, hørde eg! I slikt regn var ingen i kissebærtrei. Og so fekk eg halda fram med *Rødefjær*.

Omsider åtte og alle fem «Lersokkbøkene» i ymse utgåvor; venast var *Hjortedreper* med A. Blochs nydelege omslag – Hjortedreparen hadde jamvel forgylt spenne – og dei gamle, gode amerikanske teikningane. Ei annor gild bok var *Håkon Håkonsen*. Jamvel dei vaksne let vel over den.

Han far heldt eit gildt blad som heitte *Den 17de Mai*. Der stod dyresogone hans Torgeir Bjørnaraa, som eg jamt måtte lesa. Og der var ein fylgjetong [sic] av Stevenson som heitte «Skattøyi», om kaptein Flint og dei andre. Eg vart reint fælen då eg las om desse sjørøvarane, og tykte eg mest hørde dei koma trampande. I *Den 17de Mai* stod elles å lesa so mykje om bøker. Kvar haust kom der lange stykke om boknytt frå forlagi, ikkje berre ei turr opprekning, men ei interessant orientering. Ein dag – det munde vera omkring 4. april 1918 – stod der bilete på fyrste sida av ein som heitte Bjarne Welle; han hadde vore 25 år på bokbui hjå Olaf Norli, stod der. Han var mest som Norlis høgre hand. Bladet spurde kva han lika best i yrket sitt. Det var å ekspedera kundar ved disken, hadde han svara. Den som kunde vore i Welle sin stad! tenkte eg. Welle har nok lika seg godt der bak disken hjå Norli, for han er der enno.

Og ofte stod der i *Den 17de Mai* rett ofte notisar om eller av ein som heitte Anton Aure. Han hadde sett seg fyre å

samla alt som var prenta på nynorsk og hadde gjeve ut ei stor liste over dette. Den fekk eg tak i, og der kunde eg finna alle nynorske bøker som var prenta fyre 1916. So kunde «17de» ein dag fortelja at Aure skulde gie ut eit blad for bokvener, *Ung-Norig*. Det laut eg ha. *Ung-Norig* kom ein gong for månaden (frå 1918 til 1925, seinare kom det att nokre år). Bladet hadde i kvart nummer livsskildring av ein nynorsk diktar eller bokskrivar med eit dikt eller prosastykke av den biograferte. Og sist i nummeret var der boknytt. Aure hadde fyrst tenkt å ta med fullstendig nynorsk bibliografi etter kvart som bøkene kom ut, men laut gie opp den tanken.

Ein dag kom *Ung-Norig* med noko reint framifrå. Det var «Ei røde um boksamling» av Torleiv Hannaas. Røda var mest som ei bibliografisk abc. Hannaas skreiv om fyrsteutgåvor, om norske boksamlarar, serleg om seg sjølv og Anton Aure som båe hadde sett seg fyre å samla alle bøker og småprent på nynorsk, om bokbyte millom boksamlarar, om antikvariat, om korleis han sjølv freista få tak i bøker som vart utjevne rundt i landet, om bok-auksjonar og prisar, om private nynorske boksamlingar, og om dei eldste norske bygdeprenteverk. Serleg beit eg merke i korleis ei bok skulde bindast inn. Omslaget skulde vera med, og jaren (kanten) skulde ikkje skjerast vekk, anna jamnast i øvste kanten og fargast der. Og mange andre rettleidingar stod der som var nye for meg.

Seinare, då eg var kjend med Hannaas og bytte bøker med han, vart eg imponert over hans boknåm. Han var allvitande når det galdt bøker, og interessa hans var fenomenal. Då han døydde, vart den

veldige boksamlingi hans delt. Den nynorske og norrøne delen gjekk til Bergens Museum; men resten vart selt på auksjon i Oslo.

Eit bygdeprenteverk hadde det vore her i Ullensvang frå 1873 til 1881 då det vart flutt til Norheimsund. Skiparen var Oddmund Børve eller Aamund Berven som han den gong skreiv namnet sitt. Han prenta lokalbladet *Hardangeren* (bladstyrar var Johs. Helleland, den kjende folkehøgskulestyraren, frå 1877 Nils Skaar, den seinare stortingsmannen) og ungdomsbladet *Maaltrøsten* (bladstyrar Lars Kinsarvik). Dessutan trykte han Urheimsvisone som har vorte so kjende og kjære i Hardanger, og ymse andre ting. Han gav og ut J. J. Agas *Slægttavler*, men dei vart prenta i Bergen. I 1878 overlet han prenteverket til bror sin, Torstein Børve. Og det var han som kom til å prenta Knut Hamsuns fyrste avisartiklar i 1879 i Nils Skaars blad. Hadde han då kunna set inn i framtid, vilde han nok ha teke vare på dei manuskripti! Maaltrøsten fekk ingi lang levetid. Lars Kinsarvik var alt då ein landskjend treskjerar og kom ikkje til å driva med mykje litterært arbeid seinare. Oddmund Børve gjekk og over i anna arbeid, han dreiv med trankoking i Nord-Noreg og overtok seinare farsgarden. Eg hadde set dei båe med kyrkja og høyrte han far fortelja om dei og bladi deira. Lars Kinsarvik var mest eit hovud høgre enn alt kyrkjefolket, med høg skalle og sidt, kvitt skjegg. – Dette prenteverket og dei ungdomane som flokka seg kring det, vil nok ein gong få sin fortente plass i bygdi si sogebok.

*Framhald i neste nummeret ...*

## Båe sidor no

Englevengjer fritt i flaum  
og iskremslott i luftig straum  
og djupe dalar mjukt i draum,  
slik såg eg skyer før,  
men no er skuggen i kvar sky,  
der berre snjo og regn har ly –  
eg stunda tidt mot sol på ny,  
men møtte skytungt slør;  
eg hev sét båe sidor no,  
og eg må segja um dei tvo:  
Eg hugsar skyer, eg hev drøymt;  
kva skyer er, det hev eg gløymt.

Våt av gråt og hjartans kløkt,  
ei ung sjæl sa ho elska høgt,  
i medan allting skifte snøgt,  
slik såg eg kjærleik før,  
men no hev allting endra seg;  
dei berre smiler når du dreg –  
so lat dei aldri kjenna meg,  
kvar eg i verdi trør;  
eg hev sét båe sidor no,  
og eg må segja um dei tvo:  
Eg hugsar kjærleik, eg hev drøymt;  
kva kjærleik er, det hev eg gløymt.

Ljos og ros ei juninatt  
då svimre hjarteslag kom att  
og æventyret livde radt,  
slik såg eg livet før,  
men no hev venen vendt seg frå –  
eg er 'kje meire å forstå;  
um mangt drog burt, er mangt å sjå  
av livet frå mi dør;  
eg hev sét båe sidor no,  
og eg må segja um dei tvo:  
Eg hugsar livet, eg hev drøymt;  
kva livet er, det hev eg gløymt.

*Etter songen «Both sides now» av Joni Mitchell. Til norsk ved Johannes Gjerdåker. Attdiktingi hev ikkje vore prenta fyrr.*

# B




ISSN-1503-2469

## Eit dikt frå ufredsåri

Av Ole Jakob Totland

Under seinste (og vonleg sidste) heimsufreden var motstandsdikti viktuge for samhaldet mot tyskestyret. Desse dikti var det forbode å skriva og mangfalda, på lina med alt anna motstand. Like vel vart det skriva mange slike dikt, og nokre av deim kunde ikkje tyskarane stogga, endå dei vart prenta til ålmenn lesnad. Bodskapen i dikti kunde vera godt duld.

Eit døme på eit slikt dikt, er diktet som O. Hausle skreiv um langgodfar min, Ole Monsen Totland, i november 1940. O. M. Totland var ein æventyrhuga kar. Ei tid budde han i Amerika, der han med anna grov gull og var med på å leggja jarnvegsskjenor. Seinare var han med på tvo selfangstferder i Nordishavet. Fyrste ferdi var dei hepne, men den andre ferdi enda med skipbrot. Til alt hell vart dei berga av ein skotsk kvalfangar. O. M. Totland var elles ein av fyregangsmennene i innføring i av revealet til Noreg, og han var ein namnfræg veidar.



O. M. Totland

Dette diktet av O. Hausle kann lesast på ymse måtar. Kva meiner han med «det verste rovdyr vi i landet har» i sidste lina i tridje strofa, og «myrkheims makter» i fjorde strofa? Jau, det er vel nazistane,

det. O. Hausle held fram O. M. Totland som eit fyredøme i motstandet mot nazistane. Men her er det fleire mogelege tolkingar, som gjorde det uråd å neitta diktet prenta. Det verste rovdyrret munde beint fram vera bjørnen eller reven, han O. M. Totland hadde skote sitt av slikt. Ei onnor tolking er òg sers berrsynt. Det kann vera alkoholen Hausle skriv um. Diktet var prenta i eit fråhaldsblad, so då lyt det vel vera «avhaldsvenen» O. M. Totland som vert heidra. At alkoholen vart umtala som eit fælt rovdyr og ei «myrkheims makt» i eit slikt blad, var ikkje noko å hevja augnebrunene for. Soleides hev Hausle fenge ålmenta eit dikt til styd i motstandet mot nazistane, utan at nazistane kunde taka honom for det.

O. Hausle var lærar på Rimstad skule og kyrkjesongar i Totland kapell (seinare kyrkja), ved Bryggja i det som den gongen heitte Davik herad, i Nordfjord.

### O. M. Totland Av O. Hausle

Snøgg og djerv, mot i bryst,  
ikkje tvika eller kvida,  
men når jarnet varmt er, smia,  
aldri redd å ta ein dyst, –  
det er slik vi Totland kjenner,  
det er fest å kjenna han.  
Terje Vikens lynne her du finna kan.

Ut han fór ung og yr,  
over hav til fjerne blånar,  
opp mot nord der skodda grånar.  
Hugen stod til eventyr.

Men so gjekk det som so ofte:  
heimegrenda lun og god  
lokka unge viking slå seg meir til ro.

Tapre gut, mang ein tøn  
tok du som vart bygdarbate,  
mangt eit rovdyr måtte late  
livet for deg spræke bjørn.  
Men vi reknar det for større  
du i leding alltid var  
mot det verste rovdyr vi i landet har.

Kristen bror, avhaldsven.  
ungdomseld om foten veiknar.  
Vi til føredøme teiknar

for vår ungdom slike menn.  
Kjend vel best som pelsdyralar,  
men vår største takk du fær  
for din kamp mot myrkheims makter  
kvar dei er.

(Diktet er prenta i boki *Mikkel rev, Bamse brakar og Ole M. Totland*, av Marit Elisebet Totland og Ole Jakob Totland, Nauthydlaren forlag 2000.)

*Næste nummeret av Målmannen kjem i juli. Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!*

**Attende til: Målmannen, Postboks 49 Blindern, 0313 Oslo**

### Sluttordet:

*Den som skal ljuga,  
skal hava godt Minne.*

Etter Ivar Aasen